# OVERORDNA BEREDSKAPSPLAN FOR VAKSDAL KOMMUNE

*Førebels*

Vedteke av Kommunestyret i møte den xx.xx.22, sak xxx/22.

# INNHALD.

**Forord** 4
**1. Administrative tilhøve** 7
1.1 Fordelingsliste
1.2 Kvalitetssikring og oppdatering
**2. Kommunen si organisering av krisehandtering** 8
2.1 Kommunen si kriseleiing
2.2 Støtteapparat for informasjon
2.3 Støtteapparat for evakuering
2.4 Støtteapparat for menneske i krise
2.5 Økonomisk ansvar
2.6 Beredskapsrommet – Møterom 4. etasje på heradshuset
**3. Handlingsplanar** 20
**4. Samband** 69
4.1 Generelt
4.2 Sambandsansvarlig
4.3 Sambandsoversikt
**5. Etterarbeid** 71
**6. Fagplanar** 72
6.1 Kommunale fagplanar for beredskap
6.2 Andre utarbeida planar
**7. Øvingar. Opplæring** 74
7.1 Forskriftstekst, § 7
7.2 Øvingar
7.3 Opplæring
**8. Evaluering av øvingar og uønskte hendingar** 75
8.1 Forskriftstekst, § 8
8.2 Evaluering av øvingar
8.3 Evaluering etter uønskte hendingar

**Vedlegg**

1. Varslingsliste kommunen si kriseleiing og nøkkelpersonell
2. Varslingsliste støtte- og fagpersonell
3. Varslingsliste politiske gruppeleiarar
4. Varslingsliste for legar, sjukepleiarar og psykososialt kriseteam
5. Varslingsliste beredskapsråd
6. Varslingsliste frivillige organisasjonar
7. Varslingsliste andre nøkkelpersonar / verksemder
8. Varslingsliste Statsforvaltaren sin krisestab
9. Varslingsliste kommunar i Nord- og Midthordland
10. Varslingsliste media
11. Redningsressursar og andre ressursar
12. Innkvartering og matforsyning
13. Evakueringsplan
14. Kommunikasjons- og informasjonsplan
15. Krisemeldingsskjema
16. Logg for kriseleiinga
17. Logg for mottakssenter ved evakuering
18. Evakueringsoversikt – namneliste for mottakssenter ved evakuering
19. Rapport til Statsforvaltaren
20. Skjema for evaluering av øvingar og uønskte hendingar
21. Definisjonar

# Forord

Når ei større uønskt hending rammer Vaksdal kommune, må leiinga i kommunen vere førebudd på å ha ei viktig rolle i handteringa av hendinga / krisa. Denne beredskapsplanen er eit viktig reiskap for å kunne handtere slike ekstraordinære hendingar / situasjonar. Planen må derfor være lett tilgjengeleg.

Beredskapsplanen er eit operativt «verktøy» som kriseleiinga skal nytte for å kunne handtere ulike uønskte hendingar på ein tilfredsstillande måte. I tillegg til ein god beredskapsplan, er ein avhengig av at kommunen si kriseleiing og støttepersonar har god kjennskap til innhaldet i planen og at dei har gjennomgått øvingar og reelle hendingar for at dei skal kunne gjere ein tilfredsstillande innsats.

Kommunen har eit generelt og grunnleggjande ansvar for å ta i vare innbyggjarane sin sikkerheit og tryggheit innanfor sitt geografiske område. Alle uønskte hendingar skjer i ein kommune, og kommunane utgjer det lokale fundamentet i den nasjonale beredskapen.

I Noreg har ein fordelt ansvaret slik at kommunane er særs viktige leverandørar av tenester som innbyggjarane er avhengige av for å kunne leve eit godt liv. Det er derfor viktig for innbyggjarane at kommunen leverer gode tenester og god service elles til ei kvar tid – også når det skjer uønskte hendingar. Når det oppstår uønskte hendingar er det viktig at kommunen greier å handtere denne hendinga på ein god måte, slik at innbyggjarane vert minst mogeleg påverka av denne hendinga.

Med kommunen sine lovpålagte oppgåver overfor alle som bur eller oppheld seg innan kommunegrensene, har kommunen hovudansvaret for at dei involverte i ei uønskt hending eller krise vert tatt godt i vare. Som ansvarleg for kommunehelse-tenesta har kommunen ansvar for å sørgje for tilstrekkeleg helseberedskap, og for at nødvendig helsehjelp og sosiale tenester vert tilbydd til innbyggjarane. Kommunen skal mellom anna:

- hjelpe politiet med evakuering og sørgje for innkvartering og omsorg for evakuerte og pårørande når slik trong oppstår
- oppretthalde kommunen sine funksjonar og tenester og sikre nødvendige forsyningar
- informere innbyggjarane og media i dei tilfelle dette ikkje er lagt til politiet

Kommunen og andre viktige samfunnsaktørar, så som dei selskapa som forsyner oss med elektrisk straum, tele- og internettsamband, polititenester, ambulansetenester mv., kan redusere konsekvensane av ulike uønskte hendingar ved å vere godt førebudde. Kommunen kan redusere sannsynet for at uønskte hendingar skjer gjennom høgt medvit rundt uønskte hendingar og redusere konsekvensane av hendinga ved god tilrettelegging for å kunne setje i verk nødvendige tiltak når slike hendingar skjer.

Dette medvitet skaper kommunen m.a. gjennom den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen (ROS-analysen). I ROS-analysen finn ein kva for hendingar som

vert vurdert å ha høgast risiko i form av kombinasjonen av sannsyn for at hendinga skal oppstå og konsekvensane av hendinga.

Beredskapsplanen er utarbeida på grunnlag av den heilskaplege ROS-analysen for Vaksdal kommune som vart utarbeida i 2014 og ajourført i 2022. I ROS-analysen viser kommunen korleis vi både kan redusere sannsynet for at uønskte hendingar skjer og korleis ein kan førebu seg slik at konsekvensar for liv og helse, folk sin grunnleggjande trong, forstyrring i dagleglivet, naturmiljø, kulturverdiar, materielle verdiar og for kommunen sitt omdømme vert så små som mogeleg.

Dei hendingane som vert omfatta av beredskapsplanen vert vurdert å ha ein høgare risiko enn det som vert oppfatta som ”normal risiko”.

Beredskapsplanen er samordna med andre relevante krise- og beredskapsplanar i og utanfor kommunen.

Den nasjonale beredskapen byggjer på prinsippa om nærleik, likskap, ansvar og samvirke.

| | |
|---|---|
| *Nærleiksprinsippet*: | Kriser skal organisatorisk handterast på lågast mogeleg nivå |
| *Likheitsprinsippet* | Den organisasjonen ein opererer med under kriser, skal i utgangspunktet vere mest mogeleg lik den organisasjonen ein har til dagleg |
| *Ansvarsprinsippet*: | Den organisasjonen som har ansvar for eit fagområde i ein normalsituasjon, har også ansvaret for nødvendige beredskapsførebuingar og for å handtere ekstraordinære hendingar på området |
| *Samvirkeprinsippet* | Myndigheiter, verksemder og etatar har eit sjølvstendig ansvar for å sikre eit best mogeleg samvirke med relevante aktørar og verksemder i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering |

Det er ut frå desse fire prinsippa i mange tilfelle kommunen som har primæransvaret for handteringa av uønskte hendingar og kriser. Dette er fordi kommunen har ansvar for viktige beredskapsressursar lokalt. Kommunen skal oppretthalde normale samfunnsfunksjonar og tenesteytingar, informere innbyggjarane og media, og særleg sørgje for funksjonar som har stor innverknad på innsatsen som vert sett inn.

Sektorlovgjevinga pålegg kommunen beredskapsførebuingar på ei rekkje områder, der dei mest relevante er brann- og eksplosjonsvernlova, forurensningslova, opplæringslova, helseberedskapslova, strålevernlova, folkehelselova, smittevernlova og vassressurslova.

Kommunen har som mål å ta omsyn til sikkerheit og beredskap i samband med den arealplanlegginga som skjer kontinuerleg. Det er m.a. krav om at det vert utarbeida risiko- og sårbarheitsanalyse i samband med alle nye reguleringsplanar. Forskrift om konsekvensutgreiingar (21.06.17) omtalar i kva tilfelle det skal utarbeidast konsekvensutgreiing (KU) og kva denne skal innehalde.

Ein viser i denne samanheng til Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven) og Forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Vaksdal kommune sin overordna beredskapsplan er utarbeida med god hjelp av andre kommunar sine beredskapsplanar og rettleiar til forskrift om kommunal beredskapsplikt.

# 1 Administrative tilhøve

## 1.1 Fordelingsliste

Følgjande skal ha eit papireksemplar av kommunen sin overordna beredskapsplan:

| Nr | |
|---|---|
| 1 | Ordføraren |
| 2 | Kommunedirektøren |
| 3 | Kommunalsjef digitalisering, innovasjon og samfunn |
| 4 | Kommunalsjef for helse og meistring |
| 5 | Kommunalsjef for oppvekst og kultur |
| 6 | HR-leiar, organisasjonsutvikling og innbyggjarservice |
| 7 | Kommuneoverlegen |
| 8 | Einingsleiar samfunn |
| 9 | Innbyggjarservice |
| 10 | Møterom 4. etasje på heradshuset |

## *1.2 Kvalitetssikring og oppdatering*

Kommunen sin beredskapsplan skal til ei kvar tid vere oppdatert, slik at den kan verte nytta som eit aktivt verktøy i ei krise.

Beredskapsarbeidet skal årleg undersøkast for å slå fast om aktivitetane og resultata stemmer overeins med det som er planlagt. Kommunedirektøren initierer den årlege revisjonen i si leiargruppe.

Dokumentasjon for gjennomført revisjon skal kunne leggjast fram ved tilsyn frå overordna myndigheit.

Kommunalsjefane har ansvaret for å melde endringar til leiar for Innbyggjarservice.

Ved alle endringar i denne planen skal alle eksemplar av planen endrast likt, sjå avsnitt 1.1.

# 2 Kommunen si organisering av krisehandtering

## *2.1 Kommunen si kriseleiing*

### 2.1.1 Funksjon og samansetjing

Kriseleiinga er sett saman av personar som har viktige politiske verv eller er tilsette i kommunen. Den kommunale kriseleiinga har ein overordna funksjon i samband med handtering av større uønskte hendingar. Kriseleiinga skal ikkje delta i sjølve redningsarbeidet på skadestaden.

Ved ei større uønskt hending vil kommunen si toppleiing verte kalla inn og etter kvart overta leiinga av den kommunale innsatsen.

Det er nødvendig med delegert myndigheit og forholdsvis vide fullmakter for at kriseleiinga skal kunne utføre arbeidet sitt på den best mogelege måten.

**Den kommunale kriseleiinga er sett saman av:**

- Ordførar
- Kommunedirektør (operativ leiar)
- Kommunalsjef for oppvekst og kultur
- Kommunalsjef for helse og meistring
- Kommunalsjef innovasjon, digitalisering og samfunn
- Beredskapsleiar / HR-leiar

Alle ovanfor nemnde medlemmer av kriseleiinga vert kalla inn kvar gong kriseleiinga vert samla. Dei som det er klart at det ikkje er trong for i kriseleiinga ved denne hendinga vert dimitterte.

Kriseleiinga knyter etter trong til seg nødvendige ressurspersonar mellom eller utanfor kommunen sine tilsette. Det same gjeld for nødvendige stabs- og støttefunksjonar.

### 2.1.2 Varsling av kriseleiinga

Når medlemmene i kriseleiinga eller andre tilsette i kommunen får melding om ei uønskt hending eller krise, enten tenesteveg eller på annan måte (for eksempel publikum eller media), skal ein ikkje nøle med å informere oppover i systemet heilt til kommunedirektøren og ordføraren.

Ordførar og kommunedirektør, samt dei som gjer teneste for desse, har fullmakt til å kalle saman kommunen si kriseleiing.

Alle medlemane i kommunen si kriseleiing kan be ordførar eller kommunedirektør om å innkalle kommunen si kriseleiing.

| |
|---|
| Det er betre å kalle inn kommunen si kriseleiing 10 gonger for mykje enn 1 gong for lite. |

Også Statsforvaltaren kan be kommunen om å innkalle kriseleiinga.

Kriseleiinga vert varsla manuelt per telefon eller per bod / ordonnans.

Sjå **Vedlegg 1**: Varslingsliste for kommunen si kriseleiing og nøkkelpersonar.

Sjå **Vedlegg 2**: Varslingsliste for støtte- og fagpersonell.

Ved all innkalling av kriseleiinga gjeld følgjande forhaldsordre:

- Straks oppmøte i beredskapsrommet (møterom i 4. etasje på heradshuset). Ta med beredskapsplanen.
- Denne ordren gjeld dersom ikkje noko anna er uttrykkeleg sagt. Før alle innkallingar via telefon vert avslutta, skal mottakar bekrefte at innkallinga er mottatt og forstått.
- Det enkelte medlem av kriseleiinga orienterer rutinemessig den som gjer teneste for ein når ein er innkalla til kriseleiinga.

### 2.1.3 Fullmakt for kriseleiinga

Kommunestyret har i det til ei kvar tid gjeldande delegasjonsreglement gitt ordføraren fullmakt til å foreta dei økonomiske disposisjonar han / ho finn nødvendig ved kriser / katastrofar.

Hastevedtak kan dermed vedtakast av kriseleiinga, utan at saka må gå gjennom kommunestyre eller formannskap.

### 2.1.4 Arbeidsrom for kriseleiinga

Kriseleiinga skal møtast i **Møterom i 4. etasje på heradshuset**. Sjå Avsnitt 2.6.

Dersom dette rommet eller andre passelege rom på heradshuset ikkje kan nyttast, vert kriseleiinga samla på rom for praktisk bistand (2 kontor og 1 møterom) på Helsehuset på Dale, evt. på rom dagsenteret på Ressurssenteret på Vaksdal.

Media vert viste til Kommunestyresalen på heradshuset. Dersom kriseleiinga vert samla på Helsehuset eller Ressurssenteret må media få eige rom i desse bygningane: «glashuset» på Helsehuset og på dagsenteret på Ressurssenteret.

Den interne kommunikasjonen og informasjonsflyten skal også i krisesituasjonar i hovudprinsippet følgje vanlege kommandolinjer i administrasjonen.

Alle aktivitetar i kriseleiinga skal loggførast på eigen logg for kriseleiinga. Sjå **Vedlegg 16** Logg for kriseleiinga. Leiar for Innbyggjarservice er ansvarleg for at det vert utført loggføring i kriseleiinga.

### 2.1.5 Kriseleiinga sine oppgåver

- Varsle Statsforvaltaren om at kommunen si kriseleiing er samla
- Innhente opplysningar og vurdere situasjonen i kommunen heile tida
- Etablere kontakt med LRS (politiet sin lokale redningssentral), tlf. 02800, når det vert sett som formålstenleg / nødvendig
- Ta avgjerd om å setje i verk nødvendige tiltak for å hindre skadar på personar, dyr og materielle verdiar
- Sørgje for at nødvendige førebyggjande og avhjelpande tiltak vert gjennomført
- Bidra til koordinering mellom ulike aktørar, mellom anna ta stilling til om innspel / meldingar berre har betydning for eigen verksemd, eller om dei inneheld opplysningar som må delast med andre for å skape ei heilskapleg oppfatning av situasjonen og etablere samarbeid om krisehandteringa
- Sørgje for at det vert skaffa tilstrekkelege ressursar til å handtere krisa på ein tilfredsstillande måte
- Prioritere når det gjeld bruk av kommunen sine eigne ressursar ved knappheit på ressursar
- Utarbeide og sende ut klar og eintydig informasjon til innbyggjarane, eigne tilsette og media
- Yte bistand til evakuering via støttegruppa for evakuering
- Planlegge og setje i verk innkvartering og forpleiing av forulykka og redningsmannskap via støttegruppa for evakuering
- Opprette pårørandesenter
- Sørgje for at personar som har vore utsett for store påkjenningar får hjelp frå kommunen sitt støtteapparat for menneske i krise
- Sørgje for nødvendige tiltak for å sikre vassforsyning, evt. foreta prioriteringar mellom område ved tilgang på for lite vatn
- Sørgje for nødvendige tiltak for å sikre straumforsyning, evt. foreta prioriteringar mellom område ved tilgang på for lite straum
- Sørgje for at skadar på kommunikasjonar og andre anlegg vert retta opp snarast mogeleg
- Gjennomføre nødvendige rasjonerings- og reguleringstiltak
- Sørgje for at skadestad vert rydda og yte innsats for å verne miljøet
- Utarbeide og sende over rapportar om situasjonen til Statsforvaltaren. Sjå **Vedlegg 19** Rapport til Statsforvaltaren.

### 2.1.6 Instansar kriseleiinga etablerer kontakt med

- Lokal redningssentral (LRS, tlf. 02800)
- Statsforvaltaren sin krisestab. **Sjå vedlegg 8.**

### 2.1.7 Utstyr

Ved **straumbrot** som omfattar heradshuset, vert kraftbehovet i kriseleiinga sine lokale løyst med eige aggregat.

Tilgang til kommunale kart er det i kommunen sitt kartsystem.

TV, video og radio er installert (internettbasert) i beredskapsrommet (møterom i 4. etasje på heradshuset)

Eitt komplett sett av kommunale kart og kart over Hordaland finn ein på Eining for samfunnsutvikling.

### 2.1.8 Oppgåvefordeling i kriseleiinga

<u>Ordførar:</u>

- Representerer kommunestyret / formannskapet i samsvar med gitt fullmakt
- Bestemmer om politisk organ må kallast saman
- Bestemmer om store økonomiske midlar skal brukast
- Held kontakt med det politiske miljøet
- Kommunen og kriseleiinga sitt «ansikt utad»
- Utarbeider pressemeldingar og meldingar på kommunen si heimeside mv.
- Gjennomfører pressekonferansar
- Representerer kommunen i offisiell samanheng i samband med hendinga
- Varaordføraren gjer teneste for ordføraren. Går inn i ordføraren sin stad når ordføraren er fråverande og ved langvarige kriser som medfører trong for avløysing. Utfører elles oppgåver som er tildelt av ordføraren

<u>Kommunedirektør:</u>

- Operativ leiar i kriseleiinga
- Rapporterer til ordførar
- Sørgjer for at kriseleiinga fattar nødvendige vedtak og at desse vert sett i verk
- Sørgjer for at det raskt vert formulert ein strategi for handteringa av krisa
- Hovudkontakt når det gjeld viktige meldingar og rekvirering av ressursar utanfor kommunen sin organisasjon
- Skaffar oversikt over tilgjengelege innsatsressursar som ikkje høyrer inn under kommunalsjefane som er til stades i kriseleiinga
- Arbeider saman med ordføraren ved utarbeiding av pressemeldingar mv.
- Tar vare på tilsette
- Etablerer og held kontakt med LRS, Statsforvaltaren si beredskapsavdeling og andre eksterne samarbeidspartnarar

- Ansvarleg for at det etter at hendinga er over vert gjennomført ei grundig evaluering. Sjå **vedlegg 20**.
- Den som i denne situasjonen gjer teneste for kommunedirektøren trer inn i kommunedirektøren sin stad dersom kommunedirektøren har fråvær og ved langvarige kriser som medfører trong for avløysing

Kommunalsjef for helse og meistring:

- Held oversikt over ressursar som er tatt i bruk og ressursar som er tilgjengelege i kommunen og hos samarbeidspartnarar eller eksterne aktørar, samt trong på sjukeheimar og i omsorgsbustader
- Skaffar nødvendige ressursar
- Held oversikt over trong hos heimebuande med spesiell trong
- Utarbeider forslag til informasjon innan omsorgstenesta

Kommunalsjef digitalisering, innovasjon og samfunn:

- Held oversikt over ressursar som er tatt i bruk og ressursar som er tilgjengelege innan eiga eining og hos samarbeidspartnarar eller eksterne aktørar
- Skaffar nødvendige ressursar
- Skaffar oversikt over skadeomfang, samt prognosar, inkl. vérprognosar
- Spesielt ansvar for vassforsyning og avløp samt kommunale vegar
- Utarbeider forslag til informasjon som gjeld fagfeltet

Kommunalsjef for oppvekst og kultur:

- Held oversikt over trong i skular og barnehagar samt i kultur- og idretts-bygningar
- Held oversikt over beredskapsplanar og evakueringsplanar for skular og barnehagar

Informasjonsleiar:

- Assisterer ordførar med utarbeiding av pressemeldingar mv.
- Assisterer ordføraren under pressekonferansar
- Hentar inn opplysningar om situasjonen og rapporterer vidare til dei som treng informasjonen
- Avklarar med politiet kva kommunen skal / kan informere om
- Oppdaterer kommunen si heimeside jamleg
- Etablerer pressesenter
- Bindeledd mellom kriseleiinga og innbyggjarservice
- Sjå **Vedlegg 14**

Kommuneoverlege (i dei tilfelle han / ho vert innkalla i kriseleiinga):

- Held oversikt over medisinske skadar og truslar mot liv og helse
- Held oversikt over medisinske ressursar som er tatt i bruk og medisinske ressursar som er tilgjengelege innan kommunen og hos samarbeidspartnarar eller eksterne aktørar
- Skaffar nødvendige ressursar
- Kriseleiinga sin medisinske fagperson
- Følgjer opp plan for helsemessig beredskap og andre relevante fagplanar innan helse
- Utarbeider forslag til informasjon til pårørande

Brannsjef eller den som gjer teneste for han / henne (i dei tilfelle han / ho vert innkalla i kriseleiinga):

- Held oversikt over brann- og redningsressursar som er tatt i bruk og brann- og redningsressursar som er tilgjengelege innan kommunen og hos samarbeidspartnarar eller eksterne aktørar
- Skaffar nødvendige ressursar
- Kriseleiinga sin fagperson på brann og redning

Alle medlemmane i kriseleiinga:

- Informasjon som ein sit inne med og som er viktig for andre medlemmer i kriseleiinga må gjevast til desse
- Ingen medlemmer av kriseleiinga (med unntak av ordføraren) kan forlate beredskapsrommet i meir enn korte nødvendige ærend utan etter avtale med kommunedirektøren
- Dersom nokon går ut av beredskapsrommet over noko tid, bør dei ha med sambandsutstyr

Kriseleiinga må utgjere ei gruppe som i fellesskap skal foreta nødvendige vurderingar og avgjerder i ein krisesituasjon. Det er derfor viktig at gruppa er bredt samansett med forskjellig kompetanse og ansvarsforhold.

**Dei som gjer teneste for:**

| **Funksjon / stilling** | **Den som gjer teneste** |
|---|---|
| Ordførar | Varaordførar |
| Kommunedirektør | Den av kommunalsjefane som kommune-direktøren har utpeika i den aktuelle situasjonen |
| Kommunalsjef for helse og meistring | Koordinator på forvaltningskontor |
| Kommunalsjef for oppvekst og kultur | Leiar PPT |
| Kommunalsjef digitalisering, innovasjon og samfunn | Einingsleiar samfunn |
| Kommuneoverlege | Kommunelege |

### 2.1.9 Støtteapparatet sine oppgåver

Ved handtering av store, komplekse og langvarige hendingar eller kriser vil krise-leiinga ha trong for eit støtteapparat. Støtteapparatet skal vere førebudd på å:

- foreta intern og ekstern varsling etter definerte retningslinjer og rutinar
- foreta loggføring og rapportering etter fastsette retningslinjer og rutinar
- følgje opp tiltak og føringar frå kriseleiinga på ein rask og effektiv måte
- vere ein administrativ og praktisk støttefunksjon for kriseleiinga
- ta i mot og arbeide med rapportar frå kommunen sine einingar, og frå andre aktørar i hendinga
- analysere informasjon og gje råd til kriseleiinga om tiltak
- ivareta informasjonsflyten mellom aktørar i hendinga
- eventuelt bruke tekniske krisestøtteverktøy (for eksempel CIM)
- bodteneste

Alt arbeid i ein krisesituasjon skjer under sterkt tidspress, spesielt i startfasen. Det er derfor viktig at det enkelte medlem i sekretariatet kjenner si primære oppgåve, tar ansvar og held strukturen under innsatsen.

| | |
|---|---|
| **Sentralbord** (medarbeidarar i sentralbord) | Dei som arbeidet ved sentralbordet avviser alle samtalar som ikkje gjeld den aktuelle krisa. Kommunedirektøren kan gje ordre om at andre telefonar ikkje skal avvisast. Alle samtalar som vert sette over til kriseleiinga skal loggførast. |
| **Telefonmedar-beidar i krise-leiinga** (medarbeidarar i sentralbord) | Mottar meldingar og vidarekoplar samtalar til kriseleiinga sine medlemmer. Innkomande meldingar skal skrivast ned etter kvart og takast opp att overfor meldar før samtalen vert avslutta. På nedskrivne meldingar skal det stå tidspunkt for mottak av melding, kven som melder og telefonnummer som vedkomande evt. kan treffast på. |
| **Loggførar** (økonomisjef) | Ansvar for å føre alle inn- og utgåande meldingar på logg-ark. Det same gjeld vedtak som vert fatta av kriseleiinga eller dei einskilde medlemmane. Alt skal førast i kronologisk rekkefølgje og tidfestast. |

| | |
|---|---|
| **Ass. loggførar** (samfunns-planleggar) | Skal assistere loggførar. Ansvar for at ferdig skrive logg-ark vert kopiert og arkivert. Oppgåva som loggførar og ass. loggførar kan rullere mellom dei to. |
| **Sekretær i kriseleiinga** (pol. sekretær) | Utfører arbeidsoppgåver etter trong i kriseleiinga. Assisterer informasjonsansvarleg med å innhente nødvendig grunnlags-informasjon for å informere både i og utanfor organisasjonen. Samarbeider nært med infomedarbeidarane. |
| **Forpleiing** (avd.leiar kultur og inkludering) | Alle som er i innsats må forpleiast. Det første som må skaffast er drikke. Etter relativt kort tid må mat stillast til disposisjon. Det må kontinuerleg sørgjast for kompensasjon for væsketap og blodsukkeret bør være jamnast mogeleg. Til denne oppgåva ligg også å skaffe nødvendig kontorrekvisita mv. |

### 2.1.10 Ansvarsavklaring opp mot politi / lensmann og statsforvaltar

Politiet har ansvaret for å leie innsatsen ved redningsaksjonar. Dette medfører også informasjonsansvar når det gjeld redningsinnsatsar.

Kommunen skal ikkje informere om:

- Redningsaksjonar der det er fare for tap av menneskeliv, fare for skade på menneske med tap av store verdiar.
- Saker der det er gjort straffbare handlingar eller der det er mistanke om dette.

Kommunen si kriseleiing må vere tilbakehaldne med å kommentere hendingar som vil verte etterforska for straffbare handlingar, også om tilhøve som ikkje direkte vedkjem etterforskinga. Dersom ein er i tvil om kva kommunen kan informere om, kontaktar ein politiet / LRS.

LRS kan i samråd med kommunen overta delar av ansvaret for krisehandteringa til den kommunale kriseleiinga.

### 2.1.11 Nedtrappingsfase – etterbehandling

- Kriseleiinga vedtar når krisa vert sett på som overstått og at kommunen dermed går tilbake til «normal» drift
- Nødvendig oppfølging av innsatspersonell og eventuelt pårørande i ned-trappingsfasen. Vidare oppfølging / behandling som gjeld medisinske tilhøve vert overlate til primærhelsetenesta.
- Evaluering (av hending og gjennomføring av kriseleiinga).

Sjå også **kapittel 6 Etterarbeid**.

## 2.2 Støtteapparat for informasjon

Sjå også Kommunikasjons- og informasjonsplan, **Vedlegg 14.**

| | |
|---|---|
| Informasjonsansvarleg: | **Ordførar** |
| Koordinering av intern og ekstern informasjon: | **Informasjonsleiar**<br>Leiar for informasjon og service |
| Informasjonssenter<br><br>Pressesenter ved større hendingar:<br><br>Samlingsstad for pårørande: | **Innbyggjarservice, telefon 56 59 44 00**<br><br>Kommunestyresalen på heradshuset<br><br>Turbinen |

I tillegg må det vurderast bruk av mobiltelefonar i kvart einskilt tilfelle.

## 2.3 Støtteapparat for evakuering

Sjå også **Vedlegg 13**.

Det er politiet som bestemmer om det skal gjennomførast evakuering, jf. «Politiets beredskapssystem Del I, Retningslinjer for Politiets beredskap» (PBS I)». Brannsjefen kan setje i verk evakuering av einskildbygningar og område som er direkte trua av brann.

Plan for evakuering av personar frå eit skadeområde eller eit utsett område i kommunen til eit anna område i eller utanfor kommunen.

Det er viktig at kriseleiinga og støtteapparatet for evakuering er klar over at det er politiet / LRS som leiar sjølve evakueringa. Oppgåva til kommunen sitt støtteapparat er først og fremst å sørgje for innkvartering og assistere politiet / LRS med evakueringsarbeidet.

Ut frå erfaring vil mange evakuerte ønskje å ta inn midlertidig hos familie og vener lokalt. Andre kan ha trong for hotellplass dersom evakueringa skjer om natta eller der evakueringa strekkjer seg over meir enn 1 døgn.

| | |
|---|---|
| Evakueringsleiar: | Avd.leiar kultur og inkludering |
| Evakueringsnestleiar: | Driftsleiar Turbinen |

| | |
|---|---|
| Andre opplysningar i samband med evakueringsplanlegging: | Turbinen vil vere ein naturleg første evakueringsstad dersom denne kan nyttast. Dersom ikkje Turbinen [1)] kan nyttast, vil Samfunnshallen Vaksdal og Samfunnshall Stanghelle skule vere alternativ.<br><br>1) Evakuerte og pårørande må ikkje samlast i same del av bygningen. |

Sivilforsvaret har mannskap med god trening i å assistere på evakueringssenter.

Vaksdal kommune har avtale om beredskapshotell i Bergen gjennom «Bergens-avtalen».

## *2.4 Støtteapparat for menneske i krise*

Støtteapparat for menneske i krise (psykososialt team) kan kome saman ved spesielle dødsfall, personlege kriser, katastrofar, ulykker og andre hendingar som vedkjem meire enn nokre få.

I prinsippet bør mest mogeleg av hjelpa kome frå den / dei ramma sitt nærmiljø. Det vil seie mobilisering av støtte frå familie, vener, arbeidskollegaer, naboar osv. Den kommunale støttegruppa for menneske i krise bør vere eit supplement, og / eller alternativ i tilfelle der det sosiale nettverket ikkje byr på tilstrekkeleg hjelperessursar. Unntaket er ved større katastrofar og ulykker, i slike situasjonar skal ein tilby profesjonell hjelp frå kommunen sitt støtteapparat.

Det er danna eige psykososialt team i Vaksdal kommune. I ein situasjon som krev slikt støtteapparat, kontaktar politi / legevakt leiar av støtteapparatet, som trekkjer inn dei ressursane som situasjonen krev (eksempelvis prest, psykolog, lege). Desse utgjer så psykososialt team for den aktuelle hendinga.

Voss Distriktspsykiatriske senter – NKS Bjørkeli og Bergen kommune har fagpersonell.

**Leiar av det psykososiale kriseteamet sine oppgåver:**

1. Vurdere om psykososial hjelp / støtte skal gjevast
2. Innkalle andre som kan inngå i psykososialt team
3. Vurdere kva type hjelp som skal gjevast, og omfanget av hjelpa
4. Avklare kven som skal få tilbod om hjelp og støtte
5. Setje i verk og gjennomføre tiltak
6. Evaluere situasjonen og samordne innsatsen
7. Avgjere kor lang tid teamet sin innsats skal vare
8. Vurdere om det er trong for felles markering ved dødsfall
9. Aktivisere sosialt nettverk
10. Sørgje for at kriseramma vert følgde opp
11. Leggje til rette for sjølvhjelp – normalisering

12. Når "hendinga" er over, skal det vere ei oppsummering med gjennomgang av situasjonen og omtale av forbetringspunkta for eit seinare tilfelle, og kven som har ansvaret for oppfølging
13. Bidra til auka kompetanse omkring temaet "menneske i krise og psykososial førstehjelp".

## *2.5 Økonomisk ansvar*

### 2.5.1 Generelt

Kommunen vil normalt stå økonomisk ansvarleg for dei utgifter som kjem til i samband med ein katastrofeinnsats. Det vil seie utgifter som kommunen sjølv har tatt initiativet til i redningsarbeidet. Dersom desse utgiftene er spesielt store, kan ein søke Staten i ettertid om delvis dekning av utgiftene.

Kommunen er, etter Politiets beredskapssystem (PBS1), Retningslinjer for politiets beredskap, avsnitt 6.3.1, pliktig til utan vederlag å stille ressursar til disposisjon for den offentlege redningstenesta dersom det vert bede om dette. Tilsvarande kan kommunen forvente at når den ber om hjelp i ein situasjon der redningstenesta er i aktivitet, så får ein hjelp utan at ein må betale dei andre offentlege instansane som er involvert.

For å kunne dokumentere i ettertid kva for utgifter kommunen har hatt, bør det straks opprettast ein **eigen konto** der utgiftene vert ført. Ansvarleg: økonomisjefen.

Dei tingingar, rekvisisjonar som skjer gjennom politiet, f. eks. gjennom LRS (lokal redningssentral) og Sivilforsvaret står dei sjølv ansvarleg for. Det kan vere formålstenleg å vurdere om ansvaret for oppgåva som skal løysast ligg hos politiet og avklare det økonomiske med dei før ein gjennomfører einskildaksjonar som ein kan forvente får store økonomiske konsekvensar (f.eks. rekvirering av helikopter, båtar mv.).

### 2.5.2 Beredskapskostnader elles

For at kommunen skal kunne ta rasjonelle avgjerder til rett tid i ein krisesituasjon, må ein del førehandstiltak vere utført, slik som:

- tilrettelagt for auka informasjonstrong, jf. Kommunikasjons- og informasjonsplan, **Vedlegg 14**
- reservestraumforsyning (jf. nødstraumsaggregat)
- situasjonsavhengige utgifter:
    - leige av maskintenester og anna utstyr

## *2.6 Beredskapsrommet – Møterom i 4. etasje på heradshuset*

Kriseleiinga skal møtast i Møterom i 4. etasje på heradshuset

Alle medlemmer av kriseleiinga møter, eventuelt varamedlemmer.

**Alle medlemmer som har tilgang til Overordna beredskapsplan for Vaksdal kommune tar denne med seg.**

I tillegg skal det være
- loggførar
- ass. loggfører
- sekretær for kriseleiinga

Følgjande utstyr må vere på plass i arkivrommet på heradshuset:
- Berbar PC
- 10 skriveblokker A4
- 10 pennar
- 20 blokker med beskjedlappar
- 12 hovudlykter + 2 ekstra kraftige lommelykter
- Stearinlys og fyrstikker
- Kart over kommunen i M=1:50.000. Plastbelagt, slik at ein kan skrive med ikkje permanent tusj på dei
- Tusjar, permanente og ikkje permanente, minimum 4 av kvar, forskjellige fargar.
- Ei komplett blokk med flipoverark til opphenging på veggane.
- Ei øskje teiknestiftar
- Telefonar tilknytta kommunen sitt sentralbord
- Sakser
- Taperullar i haldarar
- Gule markeringspennar
- Korrekturtape
- Holmaskin
- Oppdaterte interne telefonlister
- Veggklokke

For å ha oversikt over hendingar m.m. som til ei kvar tid er aktuelle, skriv ein på flipoverark for kvar hending. Desse arka henger ein opp på veggen. Arka vert delte i tre, med omtale av
- tilstand
- trussel
- tiltak

Alternativt nyttar ein kriseleiingssystemet CIM eller tilsvarande.

# 3. Handlingsplanar

Handlingsplanane tar utgangspunkt i dei hendingane som ein har funne å ha høgast risiko i kommunen si heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse. Det vil også vere andre hendingar det må utarbeidast handlingsplanar for.

Følgjande handlingsplanar føreligg:

1. Samanbrot i IKT i 12 timar
2. Samanbrot i samband (tele) i 12 timar
3. Bortfall av straum i åtte timar
4. Tap av data / arkiv
5. Brann i rådhuset
6. Kriminelle handlingar utført av tilsette eller av sentrale politikarar
7. Korrupsjon utført av tilsette eller av sentrale politikarar
8. Lekkasje av sensitiv informasjon utført av tilsette eller av sentrale politikarar
9. Mangelfullt frammøte av kriseleiinga
10. Terrorhandling
11. Den ukjende hendinga
12. Brann i skule eller barnehage
13. Overgrep mot barn
14. Tilsette som ikkje melder frå ved mistanke om omsorgssvikt
15. Alvorleg ulykke med skuleskyss
16. Trafikkulykke der fleire tilsette og brukarar er involverte
17. Alvorleg vald mot tilsette
18. Brann i sjukeheim eller omsorgsbustad
19. Epidemi mellom folk
20. Alvorleg trafikkulykke
21. Alvorleg ulykke på jernbanen
22. Alvorleg luftfartsulykke
23. Alvorleg hending med brukarar eller innbyggjarar
24. Svikt i medisintilgang
25. Radioaktivt nedfall
26. Ulykke utanfor kommunen som påverkar innbyggjarane i Vaksdal kommune
27. Mangelfull oppfølging av bekymringsmelding
28. Feil behandling / medisinering
29. Ras og skred
30. Utgliding av massar
31. Brann i tettbygd område
32. Brann i fabrikk
33. Brann i forsamlingslokale inkl. kyrkjer
34. Brann i tunnel (veg eller jernbane)
35. Eksplosjon i kornsilo
36. Ulykke med farleg gods på veg eller jernbane
37. Stengte vegar, inkl. bruer og tunnelar, i over 24 timar
38. Flaum i bekkar og elver
39. Ureining av vassforsyninga
40. Bortfall av vassforsyning i minst 48 timar
41. Ekstrem tørke

# 1. Samanbrot i IKT i 12 timar

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Kommunen sin IKT fungerer ikkje i ein periode på minst 12 timar |
| **Konsekvensar** | Samanbrot i IKT i minst 12 timar vil verke sterkt inn på tenesteytinga i alle delar av det kommunen har ansvar for. Dei som først vil få ekstra utfordringar er helse og meistring, m.a. når det gjeld medisinering.<br>Alarmar som vert overførte via dette systemet vil ikkje fungere.<br>Kommunikasjon med sjukehus m.a. i samband med utskriving av pasientar er avhengig av at desse systema fungerer.<br>Styring av digitale låsesystem i kommunale bygningar og styring av ventilasjon mv. i slike bygningar vil ikkje kunne nyttast.<br>Også styring av vassverka og avløp vil få ekstra utfordringar.<br>Ein vil ikkje ha tilgang til viktige dokument som berre er lagra elektronisk.<br>Sjølv om ein har ny sikkerheitskopi, vil det ta tid å installere desse filane på serverane.<br>Dersom ein ikkje veit kvar linjebrotet er, kan det ta tid å reparere det.<br>I dei tilfella serverane er i funksjon, men linja er broten, kan ein hente ut informasjon mv. frå terminal i ein anna kommune som har samband med serveren.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til dødsfall<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn få og små sjukdomstilfelle<br>Hendinga kan føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong i inntil eitt døgn for inntil 200 personar<br>Hendinga kan føre til ein del forstyrring i dagleglivet i mindre enn 1 døgn for inntil 1.000 personar<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller kulturverdiar<br>Hendinga kan føre til økonomiske skadar og tap på inntil 1 mill.kr.<br>Hendinga kan føre til mindre omdømmesvekking for kommunen |
| **Tiltak** | Kva tiltak som må setjast i verk vil avhenge av kva som er årsaka til samanbrotet i IKT<br>Manuell styring av vassverka og avløp<br>Auka tal på tilsette i kritiske funksjonar<br>Heimesjukepleia må ta i bruk papirutskrift frå tidlegare og forsøke å skrive ut frå kontor i annan kommune dersom dette er mogeleg, og i tillegg ta i bruk det ein hugsar når det gjeld den einskilde brukar<br>Installere siste sikkerheitskopi i servar<br>Reparere linjebrot<br>Ta i bruk terminal i annan kommune dersom det er mogeleg |
| **Evakuering** | Ikkje aktuelt |
| **Befolknings-varsling** | Må vurderast |
| **Krisekom-munikasjon** | Må vurderast |
| **Merknader:**<br>Vaksdal deltar i eit interkommunalt IKT-samarbeid. Servar mv. ligg utanfor kommunen. All kommunikasjon med servar / sky skjer gjennom linjenettet. Det er i dag ikkje full redundans i dette linjenettet. Det er vaktordning for IKT-personalet.<br>Det interkommunale oppgåvefellesskapet for IKT (IKTNH) har gode rutinar for å ta sikkerheitskopiering. Sikkerheitskopiering skjer automatisk gjennom heile døgnet. Ein | |

tredje backup ligg på ein «offsite lokasjon» i ein annan landsdel i Noreg. (I løpet av 2022 vil ein sikkerheitskopi ligge i ein fjellhall).
Det er to serverrom som understøtter kommunen. Serverromma har ulike fysiske lokasjonar og er bygd opp med redundans i alle ledd. Dvs. at kommunen tåler at eit rom kan bli heilt sett ut av drift over ein lengre periode. IKTNH arbeider proaktivt med å redusere risiko for hacking og virus gjennom antivirusløysingar, brannmurar, spamfilter mv. og automatiserte overvakningsløysingar.
Serverromma er bygd opp med nødstraumsaggregat og reservebatteri som automatisk tar over ved bortfall i straumnettet. Ekstra straumløysingar blir testa to gonger årleg av leverandør av løysningane.
I bygningen med serverrom er det automatisk sløkkeanlegg. Både gass og vatn kan nyttast.
I bygningane med serverrom er det innbrotsalarmanlegg med varsling til vaktselskap.
Vaksdal kommune har vedteke IKT-strategi.
Vaksdal kommune oppfyller *«norm for informasjonssikkerhet».*
Kommunen har mobilt nødstraumaggregat som kan nyttast på rådhuset.

## 2. Samanbrot i samband (tele) i 12 timar

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Heile eller store delar av kommunen vert utan telesamband i 12 timar.<br>Med telesamband meiner ein her fasttelefon, mobiltelefon og internett. |
| **Konsekvensar** | Alarmar som overfører signal via slike linjer vil ikkje fungere. Gjeld både brannalarm, innbrotsalarm, tryggleiksalarm og tekniske alarmar.<br>Ein kan ikkje varsle nødetatane (brannvesen, politi, ambulanse).<br>Fjernstyring av tekniske anlegg fungerer ikkje.<br>Sakshandsamingssystemet i kommunen fungerer ikkje.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til dødsfall<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn få og små sjukdomstilfelle<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i inntil eitt døgn for inntil 1.000 personar<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller kulturverdiar<br>Hendinga kan føre til økonomiske tap inntil 1 mill. kr.<br>Hendinga kan føre til mindre omdømmesvekking for kommunen |
| **Tiltak** | Informere via internett / radio<br>Ta i bruk alternative lokale kommunikasjonsnett (Walkie Talkie, jaktradioar, satellitt-telefonar, skogsikringsradioar)<br>Bemanne brannstasjon<br>Hyppigare frekvens frå heimesjukepleie / heimehjelp til utsette brukarar<br>Flytte utsette brukarar midlertidig til sjukeheim o.l.<br>Varsle den interkommunale legevakta |
| **Evakuering** | Må vurderast når det gjeld utsette grupper |
| **Befolknings-varsling** | Naudsynt. Bruk internett / radio |
| **Krisekom-munikasjon** | Naudsynt |
| **Merknader:**<br>Desse tenestene er regulert gjennom Lov om elektronisk kommunikasjon (ekomloven) og Forskrift om elektronisk kommunikasjonsnett og elektronisk kommunikasjonstjeneste (ekomforskriften).<br>Nettløysinga mellom sentrale tekniske anlegg er basert på fiberkabel-nettverk. Det er ikkje god redundans (alternativ trase) over alt.<br>Nettløysingane ut mot endesentralar eller basestasjonar er i hovudsak utan redundans.<br>Teletenestene vert påverka av trafikksituasjonen. Stor trafikk medfører kortare batterilevetid ved bortfall av straum.<br>Kraftreservar – tekniske anlegg. Desse er dimensjonert i forhold til anlegget sin størrelse, viktigheit og lokalisering. Ikkje alle har batterireserve. Større anlegg har dieseldreve aggregat i tillegg. Utanfor tettstader vil basestasjonar ha batterireserve i ut frå størrelse og viktigheit i mobilnettet.<br>Kriser kan føre til kapasitetsproblem. Det kan setjast i verk akutte tiltak gjennom fjernstyring eller ved bruk av mobilt beredskapsutstyr. Politi / LRS rekvirerer.<br>Det er ei viss overlapping på fleire av basestasjonane i mange område. Det er desse stadane ikkje noko stort problem om ein av basestasjonane fell ut.<br>Oversikt over alle basestasjonar finn ein på www.finnsenderen.no<br>Sårbarheit ved bortfall av straumforsyning. Analoge linjer fungerer så lenge Telenor sine | |

| |
|---|
| anlegg fungerer. ISDN-linjer vil fungere om brukar har telefonapparat med nødstraumfunksjon. Teleutstyr som brukar 220V: Hussentralar, Internett / IP-telefonar, modem for datalinjer og alarmsystem. Mobilsystema vil få redusert kapasitet og dekningsområde. Brukar kan miste mogelegheit for ladning av batteri.<br>Brukaren (bl.a. kommunen) sine førebuingar er viktige!<br>For å sikre mest mogeleg stabil tilgang til ekom-tenestene ved feil i nettet kan brukarane inngå leveringsavtale med teleoperatøren. |

## 3. Bortfall av straum i åtte timar

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at straumen er borte i heile eller store delar av kommunen i minst åtte timar. |
| **Konsekvensar** | Etter kort tid vil store delar av mobilnettet og internettsambandet falle ut<br>Ein del fasttelefonar vil også slutte å fungere.<br>Ikkje alle vasshandsamingsanlegga har nødstraumaggregat.<br>Ved langvarig bortfall av straum vil barnehagar og skular måtte stenge, særleg i den kalde årstida.<br>Verksemder vil ikkje kunne produsere.<br>Mjølkeprodusentar får ikkje mjølke kyrne dersom dei ikkje har tilgang til nødstraumaggregat.<br>Vassforsyninga til husdyrhald sviktar dersom dei er avhengig av elektrisk pumpe.<br>Betalingsløysingar i butikkar fungerer ikkje.<br>Redusert tenesteproduksjon i kommuneadministrasjonen.<br>Medisinsk utstyr som treng straum hos heimebuande vil ikkje fungere.<br>Alarmar vil ikkje fungere etter at batterikapasiteten er brukt opp.<br>Vanskelegare arbeidsforhold for kommunen si kriseleiing.<br>Redusert teneste på legekontoret.<br>Bustader med berre elektrisk oppvarming vert fort kalde.<br>Bustader som har vassforsyning via elektrisk pumpe vert utan vassforsyning.<br>Vanskeleg å lage varm mat på institusjonar.<br>Pumpene på bensinstasjonane fungerer ikkje.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til dødsfall.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn få og små sjukdomstilfelle.<br>Hendinga kan føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong inntil eitt døgn og for inntil 1.000 personar.<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i inntil eitt døgn for meir enn 1.000 personar.<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller kulturverdiar.<br>Hendinga kan føre til økonomiske skadar og tap på inntil 10 mill.kr.<br>Hendinga kan føre til mindre omdømmesvekking for kommunen. |
| **Tiltak** | Ta i bruk nødstraumaggregat.<br>Ta i bruk satellitt-telefonar dersom straumstansen har ført til at mobiltelefonnetter ikkje fungerer.<br>Setje i verk planverk for m.a. prioritering av straumkundar.<br>Hente inn risikoutsette eldre, pleietrengjande og andre utsette grupper til sjukeheimane.<br>Gje tilbod til husstandar som ikkje har eldstad om opphald andre stader. |
| **Evakuering** | Må vurderast når det gjeld utsette grupper |
| **Befolknings-varsling** | Ja. I samarbeid med straumleverandøren |
| **Krisekom-munikasjon** | Naudsynt |
| **Merknader:**<br>BKK har fem kraftstasjonar i Vaksdal kommune: Fossmark, Dale, Fosse, Kaldestad og Myster. Av desse kan berre Fossmark produsere straum til lokal forsyning utan å ha kontakt med andre kraftstasjonar. Alle kraftstasjonane har god magasinkapasitet. Det er i | |

tillegg nokre private kraftstasjonar. Gjennomsnittsbruk over året i Vaksdal kommune er om lag 16 MW.
Det er fleire uavhengige forsyningslinjer for straum inn til kommunen når ein tar med både overordna nett og distribusjonsnettet. Det er god kapasitet i overordna nett.
I distribusjonsnettet er ikkje kapasiteten like god over alt. I tillegg kan kraftstasjonen til Norsk Grønnkraft på møllene levere straum til andre kundar på Vaksdal.
Einskilde delar av kommunen har ingen redundans på straumforsyninga, slik at bortfall av ei linje vil føre med seg at mange kundar vert utan straum. Dersom hovudlinja til møllene er «nede» samstundes med at det ikkje er produksjon på kraftstasjonen på møllene, vil BKK ikkje kunne levere nok straum frå Arna til møllene.
BKK har fleire nødstraumaggregat. Desse kan i ein større feilsituasjon plasserast ut i kommunane. Dersom fleire kommunar er råka av eit bortfall av straum, vil det vere mange som ynskjer desse aggregata, så kommunen kan ikkje basere trongen sin for nødstraum på BKK sine aggregat.
Utrykkingstida ved feil på straumforsyninga kan vere lang, spesielt i dei delane av kommunen som ligg lengst ute i nettet. Det vil i einskilde tilfelle kunne ta lang tid å reparere feilen / feilane.
BKK har gjort ein god del for å styrke forsyningssikkerheita. Det er m.a. lagt nye kablar. Ny linje over fjellet til Samnanger er bygd, men det står att ein del arbeid på Samnanger-sida før dette vert eit fullverdig alternativ. BKK vurderer å byggje ut meir fjernstyring av koplingspunkt, slik at ein kan gjennomføre omkoplingar som reduserer den tida kundane er utan straum for delar av nettet, før ein startar med å rette feilen.
Begge sjukeheimane har nødstraumaggregat som kan syte for straum til lys, men ikkje til varme. Daletunet er tilrettelagt for tilkopling av aggregat. På Vaksdal sjukeheim startar aggregatet (56 kW) automatisk ved bortfall av straum. Det sistnemnde aggregatet kan transporterast til andre bygningar.
Vaksdal kommune har eit mobilt nødstraumaggregat på 56 kW. I tillegg har ein tre mindre aggregat. Mellom anna heradshuset er lagt til rette for tilkopling av dette aggregatet.
Vaksdal brannvesen har to mobile aggregat (2 kW) på Vaksdal brannstasjon og to mobile aggregat (2 kW) på Dale brannstasjon. I tillegg til det har brannvesenet eit 12 kW aggregat på Vaksdal brannstasjon. Også dette kan transporterast til andre bygningar.
Nokre av vasshandsamingsanlegga har nødstraumaggregat.
Kraftforsyningens beredskapsorganisasjon (KBO) sørgjer for at kraftselskapa i Noreg har eit heilskapleg beredskapskonsept. Statnett har ansvaret som systemoperatør for det overordna nettet.
BKK sin beredskapsplan vert oppdatert årleg. Det er utarbeida plan for å handtere kraftrasjonering.

## *4. Tap av data / arkiv*

<table>
<tr><td>Hendingar</td><td>Denne hendinga gjeld at delar av arkivet til kommunen vert øydelagt eller kjem i «urette hender», og at dataarkivet (inkl. sikkerheitskopiar) vert øydelagt. Også det at viktige dokument ikkje er arkiverte kjem inn under denne hendinga.</td></tr>
<tr><td>Konsekvensar</td><td>Sensitiv informasjon vil kunne kome i feil hender.<br>Tap av data / arkiv kan føre til at det vert gjort sakshandsamingsfeil pga. at ein ikkje har nødvendig bakgrunnsinformasjon.<br>Det vil ta svært lang tid og mykje arbeid å rette opp at arkiv som har gått tapt – dersom det er mogeleg i det heile.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til dødsfall.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn få og små sjukdomstilfelle.<br>Hendinga vil ikkje føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong.<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i meir enn sju dagar for inntil 50 personar.<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller kulturverdiar.<br>Hendinga kan føre til økonomiske tap på inntil 10 mill. kr.<br>Hendinga kan føre til alvorleg omdømmesvekking for kommunen.</td></tr>
<tr><td>Tiltak</td><td>Forsøke å rekonstruere dokument som er tapt.<br>Ta vare på involverte dersom sensitiv informasjon har kome i feil hender.</td></tr>
<tr><td>Evakuering</td><td>Ikkje aktuelt</td></tr>
<tr><td>Befolknings-varsling</td><td>Ikkje aktuelt</td></tr>
<tr><td>Krisekom-munikasjon</td><td>Må vurderast</td></tr>
<tr><td colspan="2">Merknader:<br>Berre det nyaste av papirarkiv vert oppbevart i kommunen. Eldre dokument vert oppbevarte i interkommunalt arkiv utanfor kommunen.<br>Ingen data-arkiv er oppbevart i kommunen. Alle data, inkl. sikkerheitskopiar, vert oppbevarte utanfor kommunen.<br>Alle dokument og ein del sikkerheitskopiar vert etter kvart levert til Interkommunalt arkiv i Bergen. I denne bygningen er sikkerheita god.<br>Ein har system for kven som kan få tilgang til ulike dokument både på papir og elektronisk.<br>Ein vurderer no å lagre einskilde sikkerheitskopiar i fjellhall som sikring mot sletting av data ved kraftig solstorm.<br>Arkivromma på rådhuset er ikkje godt sikra.</td></tr>
</table>

## 5. Brann i rådhuset

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at det oppstår brann i rådhuset som er så omfattande at heile eller store delar av bygningen ikkje kan nyttast før det er gjort omfattande tiltak, noko som vil ta tid. |
| **Konsekvensar** | Ein alvorleg brann på rådhuset vil i stor grad påverke tenesteproduksjonen for kommunen.<br>Ein vil tape både arkiv og utstyr. Legekontoret og helsestasjonen kan verte sett ut av funksjon inntil dei kan etablere seg i nye lokale.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til dødsfall.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn få og små personskadar.<br>Hendinga vil ikkje føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong.<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i meir enn sju dagar for inntil 200 personar.<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller kulturverdiar.<br>Hendinga kan føre til økonomiske skadar og tap over 100 mill. kr.<br>Hendinga kan føre til mindre omdømmesvekking for kommunen. |
| **Tiltak** | Varsle dei som er i bygningen og brannvesenet (110).<br>Evakuere bygningen.<br>Forsøke å sløkkje.<br>Ta i bruk alternative lokale for kriseleiinga og / eller kommune-administrasjonen.<br>Ta vare på dei tilsette og andre som har opplevd brannen. |
| **Evakuering** | Må vurderast for nærliggjande bygningar |
| **Befolknings-varsling** | Ikkje naudsynt |
| **Krisekom-munikasjon** | Naudsynt |
| **Merknader:**<br>Heile kommuneadministrasjonen, unnateke einingsleiarar for helse og meistring og for barnehage held til på rådhuset. Det gjer også legevakt på dagtid, helsestasjon, brannstasjon, psykiatritenesta og NAV.<br>Alle delar av bygningen er utstyrt med brannalarmanlegg, men alarm vart berre sendt til lokal vakt i brannvesenet, ikkje til 110-sentralen.<br>Delar av bygningen er utstyrt med innbrotsalarmanlegg, med alarmoverføring til lokal teknisk vakt.<br>Rådhuset er registrert som særskild brannobjekt, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 13.<br>Det har vore gjennomført brannøvingar for dei tilsette på rådhuset jamleg.<br>Det er ingen kontroll med kven som går inn på heradshuset.<br>Rømmingsvegane er låste om kvelden, natta og i helgene. Ein av rømmingsvegane er låst til ei kvar tid. | |

## 6. Kriminelle handlingar utført av tilsette eller sentrale politikarar

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at ein tilsett eller ein sentral politikar i kommunen utfører ei kriminell handling. Med «sentral politikar» meiner ein medlem av kommunestyret. |
| **Konsekvensar** | Når ei slik handling vert kjend, vil den ta mykje fokus bort frå dei primære arbeidsoppgåvene og dermed føre med seg redusert tenesteproduksjon.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til dødsfall.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn få og små personskadar / sjukdomstilfelle.<br>Hendinga vil ikkje føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong.<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i meir enn sju dagar for inntil 50 personar.<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller kulturverdiar.<br>Hendinga kan føre til økonomiske tap på inntil 1 mill. kr.<br>Hendinga kan føre til alvorleg omdømmesvekking for kommunen. |
| **Tiltak** | Informere om kva som har skjedd dersom det vert sett som eit høveleg tiltak.<br>Ta vare på dei som er involverte.<br>Melde saka til politiet.<br>Vurdere suspensjon / avskjed. |
| **Evakuering** | Ikkje aktuelt |
| **Befolknings-varsling** | Ikkje naudsynt |
| **Krisekom-munikasjon** | Må vurderast |
| **Merknader:**<br>Det er mellom 400 og 500 tilsette i Vaksdal kommune. I kommunestyret er det 21 representantar.<br>Vaksdal kommune har vedteke etiske retningslinjer som gjeld både tilsette og politikarar.<br>Etikk er tema på personalmøter, leiarmøter og i opplæringa av politikarar.<br>Aktuelle tilsette har fått opplæring i forvaltningslova og offentleglova, habilitet og teieplikt. | |

## 7. Korrupsjon utført av tilsette eller sentrale politikarar

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at ein tilsett eller ein sentral politikar i Vaksdal kommune tar imot gåver eller tenester som motyting for å påverke eit vedtak, innkjøp og liknande. Med «sentral politikar» meiner ein medlem av kommunestyret. |
| **Konsekvensar** | Når ei slik handling vert kjend, vil den ta mykje fokus bort frå dei primære arbeidsoppgåvene og dermed føre med seg redusert tenesteproduksjon.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til dødsfall.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til personskadar eller sjukdomstilfelle.<br>Hendinga vil ikkje føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong.<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i meir enn sju dagar for inntil 50 personar.<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller kulturverdiar.<br>Hendinga kan føre til økonomiske tap på inntil 10 mill. kr.<br>Hendinga kan føre til mindre omdømmesvekking for kommunen.<br>Handlinga kan virke konkurransevridande, som igjen kan føre til at næringsdrivande får problem. |
| **Tiltak** | Informere om kva som har skjedd dersom det vert sett som eit høveleg tiltak.<br>Ta vare på dei som er involverte.<br>Melde saka til politiet.<br>Vurdere suspensjon /avskjed. |
| **Evakuering** | Ikkje aktuelt |
| **Befolknings-varsling** | Ikkje naudsynt |
| **Krisekom-munikasjon** | Må vurderast |
| **Merknader:**<br>Det er mellom 400 og 500 tilsette i Vaksdal kommune. I kommunestyret er det 21 representantar.<br>Vaksdal kommune har vedteke etiske retningslinjer som gjeld både tilsette og politikarar.<br>Vaksdal kommune har vedteke eit innkjøpsreglement som skal redusere sannsynet for m.a. korrupsjon.<br>Kommunen har innført e-handel.<br>Temaet er med på einskilde personalmøter. | |

## 8. Lekkasje av sensitiv informasjon utført av tilsette eller sentrale politikarar

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at ein tilsett eller ein sentral politikar i kommunen bevisst eller ubevisst gjer slik at sensitiv informasjon vert gjort kjend for uvedkomande. Med «sentral politikar» meiner ein medlem av kommunestyret. |
| **Konsekvensar** | Når ei slik handling vert kjend, vil den ta mykje fokus bort frå dei primære arbeidsoppgåvene og dermed føre med seg redusert tenesteproduksjon.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til dødsfall.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn få og små personskadar / sjukdomstilfelle.<br>Hendinga vil ikkje føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong.<br>Hendinga kan føre til forstyrring i daglegilivet i inntil sju dagar for inntil 50 personar.<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller kulturverdiar.<br>Hendinga kan føre til økonomiske tap på inntil 1 mill. kr. (erstatnings-krav).<br>Hendinga kan føre til alvorleg omdømmesvekking for kommunen. |
| **Tiltak** | Informere om kva som har skjedd dersom det vert sett som eit høveleg tiltak.<br>Ta vare på dei som er involverte.<br>Vurdere å melde saka til politiet.<br>Vurdere suspensjon. |
| **Evakuering** | Ikkje aktuelt |
| **Befolknings-varsling** | Ikkje naudsynt |
| **Krisekom-munikasjon** | Må vurderast |
| **Merknader:**<br>Det er mellom 400 og 500 tilsette i Vaksdal kommune. I kommunestyret er det 21 representantar.<br>Den sensitive informasjonen kan m.a. vere pasientinformasjon / helseopplysningar, einskildvedtak som gjeld brukarar, tilsetjingssaker, personopplysningar om tilsette, beredskapsinformasjon, kommunen sine økonomiske interesser.<br>Vaksdal kommune har vedteke etiske retningslinjer som gjeld både tilsette og politikarar.<br>Alle tilsette og politikarar har underteikna lovnad om teieplikt.<br>Det er gjennomført opplæring av tilsette og politikarar.<br>For å skrive ut eller kopiere dokument, må ein vere til stades ved skrivar og taste inn kode når arbeidet startar.<br>Det er innført styring av tilgang til elektroniske dokument.<br>Temaet er med på einskilde personalmøter. | |

## 9. Mangelfullt frammøte i kriseleiinga

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at det er trong for at kriseleiinga i kommunen må samlast i samband med at det har skjedd ei uønskt hending eller at ei slik hending er under utvikling, men av ymse årsaker er det for få frå kriseleiinga som er tilgjengelege.<br>Det at dei som møter har for lite opplæring eller for liten erfaring til å gjere ein god innsats i kriseleiinga vert også omfatta av denne hendinga. |
| **Konsekvensar** | Mangelfullt oppmøte i kriseleiinga kan m.a. føre til at:<br>• Det ikkje vert fatta vedtak om å setje i verk naudsynte tiltak<br>• At det vert fatta feil vedtak<br>• At vedtak vert fatta for seint<br>• Stort arbeidspress på dei som møter<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til dødsfall.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn få og små personskadar eller sjukdomstilfelle.<br>Hendinga vil ikkje føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong.<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i inntil to dagar for inntil 50 personar.<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller kulturverdiar.<br>Hendinga kan føre til økonomiske tap på inntil 10 mill. kr.<br>Hendinga kan føre til alvorleg omdømmesvekking for kommunen. |
| **Tiltak** | Be om hjelp frå nabokommunar dersom det er nødvendig.<br>Be om hjelp frå nødetatane og evt. Sivilforsvaret.<br>Be om hjelp frå lokale ressurspersonar. |
| **Evakuering** | Ikkje aktuelt |
| **Befolknings-varsling** | Ikkje naudsynt |
| **Krisekom-munikasjon** | Ikkje aktuelt |
| **Merknader:**<br>Ein planlegg ferieavviklinga slik at ikkje for mange av medlemmane i kriseleiinga er på ferie samstundes. | |

# 10. Terrorhandling

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at det skjer ei terrorhandling i Vaksdal kommune. Terrorhandlinga kan m.a. gjelde bombe, skade på samferdsel (bruer, jernbanelinje, straum, tele), skade på demning, skyting, gisselsituasjon, ureining av vassforsyninga. |
| **Konsekvensar** | Dersom terroren vert retta mot veg eller jernbane, kan desse verte stengde ein periode.<br>Dersom terroren vert retta mot straumforsyninga, kan denne verte broten ein periode.<br>Dersom terroren vert retta mot telenettet, kan ein verte utan samband ein periode.<br>Dersom terroren vert retta mot vassforsyninga, kan vatnet det det aktuelle vassverket verte ubrukeleg til mat og drikke ein periode.<br>Hendinga kan føre til meir enn tre dødsfall.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn 15 alvorlege personskadar.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong.<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i meir enn sju dagar for inntil 1.000 personar.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til skade på meir enn 3 km$^2$ naturmiljø og i mindre enn tre år.<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på kulturverdiar.<br>Hendinga kan føre til økonomiske skadar og tap på over 100 mill. kr.<br>Hendinga kan føre til mindre omdømmesvekking for kommunen. |
| **Tiltak** | Ta vare på dei som har komne til skade og pårørande.<br>Setje inn alle tilgjengelege ressursar. |
| **Evakuering** | Må vurderast i samarbeid med politiet |
| **Befolknings-varsling** | Naudsynt |
| **Krisekom-munikasjon** | Naudsynt |
| **Merknader:**<br>Sentrale styresmakter utarbeider til ei kvar tid trusselvurderingar og varslar samfunnet ved trong for ekstra merksemd. | |

## 11. Den ukjende hendinga

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at det skjer ei hending som utmerkar seg ved:<br>• Omfang: Hendinga får eit omfang som er mykje større enn det ein hadde sett føre seg<br>• Geografisk: Ei hending som ein hadde sett føre seg skjer på ein stad der ein ikkje hadde trudd at den ville skje<br>• Tidsmessig: Ei hending som ein hadde sett føre seg skjer på eit tidspunkt ein ikkje trudde hendinga ville skje<br>• Typemessig: Ei hending som ikkje har skjedd tidlegere, og som det ikkje er erfaringsmateriale for, skjer<br>Mellom dei «ukjende hendingane» vil ein finne m.a. tsunami, jordskjelv, nedslag av meteoritt, vulkanutbrot, feilskyting med missil, raske klima-endringar. |
| **Konsekvensar** | Den ukjende hendinga vil ofte ha eit omfang som kan lamme heile eller delar av samfunnet over lang tid.<br>Hendinga kan føre til meir enn tre dødsfall.<br>Hendinga kan føre til meir enn 15 alvorlege personskadar / sjukdoms-tilfelle.<br>Hendinga kan føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong i meir enn sju dagar for meir enn 1.000 personar.<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i meir enn sju dagar for meir enn 1.000 personar.<br>Hendinga kan føre til skade på meir enn 300 km$^2$ naturmiljø i meir enn ti år.<br>Hendinga kan føre til omfattande skade på verneverdig kulturmiljø.<br>Hendinga kan føre til økonomiske tap på over 100 mill. kr.<br>Hendinga kan føre til mindre omdømmesvekking for kommunen. |
| **Tiltak** | Kva avhjelpande tiltak som må setjast inn vil variere med kva for hending som har skjedd |
| **Evakuering** | Må vurderast |
| **Befolknings-varsling** | Naudsynt |
| **Krisekom-munikasjon** | Naudsynt |
| **Merknader:** | |

## 12. Brann i skule eller barnehage

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at ein skule eller barnehage vert så skada av ein brann at heile eller store delar av bygningen ikkje kan nyttast som tiltenkt ein periode. |
| **Konsekvensar** | Ein brann på ein skule eller barnehage vil kunne føre til at heile eller delar av bygningen ikkje kan nyttas som tiltenkt ein periode.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til dødsfall.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn tre alvorlege personskadar.<br>Hendinga vil ikkje føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong.<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i inntil to dagar for inntil 200 personar.<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller kulturverdiar.<br>Hendinga kan føre til økonomiske skadar og tap på inntil 100 mill. kr.<br>Hendinga kan føre til mindre omdømmesvekking for kommunen. |
| **Tiltak** | Varsle dei som er i bygningen og brannvesenet (110).<br>Evakuere bygningen.<br>Forsøke å sløkkje.<br>Ta godt vare på skremde barn, tilsette, pårørande og evt. andre.<br>Psykososialt kriseteam.<br>Ta i bruk alternative lokale, evt. at elevane får heimeundervisning. |
| **Evakuering** | Dersom brannen skjer medan det er folk i bygningen, må dei evakuerast. Ein må i tillegg vurdere trong for evakuering av nærliggjande bygningar. |
| **Befolknings-varsling** | Dei involverte må varslast dersom bygningen vert stengt ein periode og alternativ bygning eller heimeskule vert tatt i bruk.<br>Informasjon til dei som oppheld seg i nabobygningar. |
| **Krisekommu-nikasjon** | Må vurderast |
| **Merknader:**<br>Det er fem grunnskular i Vaksdal kommune. Flest elevar har Dale skule; om lag 250. Det er til saman om lag 460 elevar og om lag 90 tilsette i skulane i Vaksdal kommune.<br>Det er fem barnehagar i Vaksdal kommune. På Stamnes og i Eksingedalen er dei lokalisert saman med skulen. Alle barnehagane er eigde av kommunen. Flest barnehagebarn har Stanghelle barnehage med for tida 58 barn. Denne barnehagen er dimensjonert for 120 barn. Det er til saman om lag 160 barnehagebarn og om lag 40 tilsette i barnehagane i Vaksdal kommune.<br>Den skulen som har lengst innsatstid for brannvesenet er Eksingedalen oppveksttun, med om lag 50 minuttar frå depotet på Eidslandet.<br>Den barnehagen som har lengst innsatstid for brannvesenet er Eksingedalen oppveksttun, med om lag 50 minuttar frå depotet på Eidslandet.<br>Alle skulane har brannalarmanlegg, men alarm vert ikkje vidaresendt til 110-sentralen, unnateke for Dale skule.<br>Det er innbrotsalarm i alle skulane. Desse er aktiverte om kvelden, natta og i helgene. Alarmane er ikkje vidarekopla til vaktselskap.<br>Alle barnehagane har brannalarmanlegg, men alarm vert ikkje vidaresendt til 110-sentralen.<br>Alle barnehagane har innbrotsalarm, utan vidarekopling til vaktselskap. | |

| |
|---|
| Dale skule har videoovervaking, men denne er ikkje sett i drift enno.<br>Alle skulane og barnehagane er registrerte som særskilde brannobjekt, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 13.<br>Alle skulane og barnehagane har rutinar for handtering av søppel (påsett brann).<br>Det vert gjennomført brannøvingar for alle tilsette og evakueringsøvingar på alle skular og barnehagar årleg.<br>Vaksdal kommune har planar for kva for alternative lokale som kan nyttast dersom skulen eller barnehagen er «ute av drift». |

## 13. Overgrep mot barn

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at eit eller fleire barn vert utsette for overgrep.<br>Med barn meiner ein her personar under 18 år. Hendinga dekkjer overgrep som vert gjort både heime, i skule og barnehage og elles, og gjeld også overgrep mellom barn.<br>Dei mest aktuelle overgrepa er seksuelle, fysiske, psykiske, inkl. mobbing. |
| **Konsekvensar** | Slike overgrep kan føre med seg langtidsskadar for alle involverte.<br>Til dels går slike overgrep «i arv». Det er også av den grunn viktig å stoppe overgrepa.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til dødsfall.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn tre alvorlege sjukdomstilfelle.<br>Hendinga vil ikkje føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong.<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i meir enn sju dagar for inntil 50 personar.<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller kulturverdiar.<br>Hendinga kan føre til økonomiske skadar og tap på inntil 10 mill. kr.<br>Hendinga kan føre til mindre omdømmesvekking for kommunen. |
| **Tiltak** | Melde frå til barnevernet / politiet.<br>Ta vare på dei involverte (familie, tilsette og andre elevar). Psykososialt kriseteam. |
| **Evakuering** | Ikkje aktuelt |
| **Befolknings-varsling** | Ikkje naudsynt |
| **Krisekom-munikasjon** | Må vurderast |
| **Merknader:**<br>Det er om lag 800 personar under 18 år i Vaksdal kommune.<br>Vaksdal kommune har vedtatt plan for å førebyggje mobbing.<br>Kontinuerleg kompetanseheving for dei tilsette når det gjeld å avdekke ulike overgrep.<br>Det er utarbeida rutinar i skular og barnehagar for psykososialt læringsmiljø.<br>Bruk av tverrfagleg team (barnevern, PPT, lege, helsesøster mv.).<br>Kommunen har rutinar for melding til barnevernet ved mistanke om overgrep. | |

## 14. Tilsette som ikkje melder frå ved mistanke om omsorgssvikt

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at tilsette som etter lova har plikt til å melde frå til barnevernet ved mistanke om omsorgssvikt ikkje har meld frå om dette, og at det i ettertid vert kjent at vedkomande hadde eller burde hatt mistanke om omsorgssvikt. |
| **Konsekvensar** | Dersom ein ikkje melder frå om mistanke om omsorgssvikt, kan det føre til at dei som måtte vere utsett for omsorgssvikt får hjelp for seint.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til dødsfall.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn tre alvorlege personskadar / sjukdomstilfelle.<br>Hendinga vil ikkje føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong.<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i meir enn sju dagar for inntil 50 personar.<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller kulturverdiar.<br>Hendinga kan føre til økonomiske skadar og tap på inntil 1 mill. kr.<br>Hendinga kan føre til mindre omdømmesvekking for kommunen. |
| **Tiltak** | Ta vare på dei involverte (familie, tilsette) |
| **Evakuering** | Ikkje aktuelt |
| **Befolknings-varsling** | Ikkje naudsynt |
| **Krisekom-munikasjon** | Må vurderast |
| **Merknader:**<br>Tilsette i skular og barnehagar, samt i barnevernet, PPT-tenesta og helsetenesta har lovmessig plikt til å varsle barnevernet dersom «det er grunn til å tru» at barn vert utsett for alvorleg omsorgssvikt eller overgrep av noko slag.<br>Om lag 150 tilsette har etter lova denne plikta.<br>Det er om lag 800 personar under 18 år i Vaksdal kommune.<br>Kommunen har rutinar for melding til barnevernet ved mistanke om omsorgssvikt.<br>Dei aktuelle tilsette vert skulerte i desse pliktene.<br>Meldingar til barnevernet vert registrerte i det kommunale sakshandsamingssystemet, slik at dei kan dokumenterast i ettertid. | |

## 15. Alvorleg ulykke med skuleskyss

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at det skjer ei alvorleg ulykke i samband med skuleskyss. Både ulykke med skulebussen og at ein elev vert påkjørt medan han / ho ventar på skulebussen er med i denne hendinga. |
| **Konsekvensar** | Hendinga vil truleg ikkje føre til dødsfall.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn 15 alvorlege personskadar.<br>Hendinga vil ikkje føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong.<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i inntil eitt døgn for inntil 50 personar.<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller kulturverdiar.<br>Hendinga kan føre til økonomiske skadar og tap på inntil 10 mill. kr.<br>Hendinga kan føre til alvorleg omdømmesvekking for kommunen. |
| **Tiltak** | Varsle føresette.<br>Varsle kommuneleiinga.<br>Ta vare på involverte.<br>Psykososialt kriseteam. |
| **Evakuering** | Ikkje aktuelt |
| **Befolknings-varsling** | Ikkje naudsynt |
| **Krisekom-munikasjon** | Må vurderast |
| **Merknader:**<br>Det er om lag 150 skulebarn i Vaksdal kommune som har tilbod om skuleskyss.<br>Tilhøva for å stige på og stige av skulebussane ved skulane er godt tilrettelagt, men ikkje alle elevar respekterer sikkerheitsrutinane. Det er vakter ved skulane når elevane går på skulebussane. Det er sikkerheitsbelte i dei aller fleste skulebussane (ikkje krav), men ikkje alle elevar nyttar desse belta. Der det er sikkerheitsbelte er det krav om å bruke dei. Det er gjennomført fjellsikring på utsette strekningar. | |

## 16. Trafikkulykke der fleire tilsette og brukarar er involverte

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at det skjer ei trafikkulykke der både tilsette og brukarar vert skada. Ulykka kan skje både i samband med bruk av minibussar (tilhøyrande Vaksdal kommune) og vanlege bussar (innleigde). |
| **Konsekvensar** | Ei slik ulykke kan føre til at fleire tilsette vert skada eller døyr, noko som kan føre til personalmangel ein periode. Dette vil vidare føre til ekstra belastning på kollegaene. Også brukarar kan verte skadde eller døy i ulykka.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til dødsfall<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn 15 alvorlege personskadar<br>Hendinga vil ikkje føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i inntil eitt døgn for inntil 50 personar<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller kulturverdiar<br>Hendinga kan føre til økonomiske skadar og tap på inntil 100 mill.kr.<br>Hendinga kan føre til mindre omdømmesvekking for kommunen |
| **Tiltak** | Varsle nødetatar<br>Ta vare på dei involverte, pårørande og kollegaer<br>Psykososialt kriseteam |
| **Evakuering** | Ikkje aktuelt |
| **Befolknings-varsling** | Ikkje naudsynt |
| **Krisekom-munikasjon** | Må vurderast |
| **Merknader:**<br>Det er til saman om lag 120 brukarar som til tider vert tekne med på turar og utflukter i minibuss eller buss.<br>Vaksdal kommune har ingen retningslinjer i samband med vurderingar som skal gjerdast når ein gjennomfører turar eller utflukter for brukarar.<br>Vaksdal kommune er godkjent som «Trafikksikker kommune».<br>Ei slik ulykke kan føre til at fleire tilsette vert skada eller døyr, noko som kan føre til personalmangel ein periode. Dette vil vidare føre til ekstra belastning på kollegaene. Også brukarar kan verte skada eller døy i ulykka. | |

## 17. Alvorleg vald mot tilsette

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at det vert utøvd vald mot ein eller fleire tilsette i Vaksdal kommune. Med vald meiner ein her både fysisk og psykisk vald og seksualisert vald. |
| **Konsekvensar** | Risiko for slike hendingar fører til at ein må bruke ekstra store ressursar einskilde stader, og på einskilde brukarar<br>Slike hendingar fører til utryggheit hos dei tilsette og i lokalsamfunnet. Dette kan igjen føre til auka sjukefråvær og at folk seier opp stillinga.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til dødsfall<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn tre alvorlege personskadar<br>Hendinga vil ikkje føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i inntil to døgn for inntil 50 personar<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller kulturverdiar<br>Hendinga kan føre til økonomiske skadar og tap på inntil 10 mill.kr.<br>Hendinga kan føre til mindre omdømmesvekking for kommunen |
| **Tiltak** | Varsle nødetatar dersom det er nødvendig<br>Setje i verk nødvendige tiltak overfor den som utøver vald<br>Ta vare på dei involverte, pårørande og kollegaer<br>Vurdere å melde saka til politiet |
| **Evakuering** | Ikkje aktuelt |
| **Befolknings-varsling** | Ikkje naudsynt |
| **Krisekom-munikasjon** | Ikkje naudsynt |
| **Merknader:**<br>Vald vil i størst grad ramme tilsette som kjem i kontakt med psykisk ustabile personar gjennom arbeidet, eller der tilsette møter brukarar i ukjende omgjevnader for den tilsette (m.a. private heimar).<br>Følgjande tenesteområde er mest utsette: NAV, psykiatritenesta, barnevernet, heimetenestene, sjukeheimar, skular, barnehagar, legekontor, helsestasjon, forvaltningskontoret.<br>NAV har eigen beredskapsplan for slike situasjonar<br>NAV-tilsette har personalarm<br>På sjukeheimane ber dei tilsette alarm<br>Ein har ekstra tilsette på avdelingar med høgare risiko<br>Vaksdal kommune har ingen skriftlege retningslinjer i samband vurderingar som skal gjerast når ein skal reise heim til brukarar | |

## 18. Brann i sjukeheim eller omsorgsbustad

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at det bryt ut brann i ein av sjukeheimane eller i ein omsorgsbustad som fører med seg at heile eller store delar av bygningen vert «sett ut av drift» ein periode. |
| **Konsekvensar** | Ein brann i sjukeheim eller omsorgsbustad vil ikkje ha innverknad på andre viktige samfunnsfunksjonar, men dersom fleire sjukeheimsplassar eller omsorgsbustader vert «sett ut av spel» ein periode må ein ta i bruk einerom som tomannsrom.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til dødsfall<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn tre alvorlege personskadar / sjukdomstilfelle<br>Hendinga vil ikkje føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i inntil eitt døgn for inntil 200 personar<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller kulturverdiar<br>Hendinga kan føre til økonomiske skadar og tap på inntil 100 mill.kr.<br>Hendinga kan føre til mindre omdømmesvekking for kommunen |
| **Tiltak** | Varsle dei som er i bygningen og brannvesenet (110)<br>Evakuere bygningen<br>Forsøke å sløkkje<br>Ta i bruk alternative lokale<br>Ta vare på alle involverte (bebuarar, pårørande og tilsette) |
| **Evakuering** | Må vurderast når det gjeld bygningar i nærleiken |
| **Befolknings-varsling** | Ja. Gjeld bygningar i nærleiken.<br>Informasjon til pårørande til pasientar / bebuarar |
| **Krisekom-munikasjon** | Må vurderast |

**Merknader:**
Vaksdal kommune har to sjukeheimar; Daletunet og Vaksdal sjukeheim. På Daletunet er det 16 - 18 sjukeheimsplassar og 31 omsorgsleilegheiter. På Vaksdal sjukeheim er det 32 sjukeheimsplassar.
I Elvavegen er det 13 omsorgsbustader.
På Jamnetunet er det 20 - 25 omsorgsbustader.
I Sveabrekko er det åtte omsorgsbustader.
Daletunet med tilhøyrande omsorgsbustader: Brannalarmanlegg som dekker heile bygningsmassen, direktevarsling til 110-sentralen. Sjukeheimsdelen og alle omsorgsbustader er fullsprinkla. Minimum to tilsette på vaken vakt. I tillegg er basen for heimesjukepleia her. Det kan vere inntil to sjukepleiarar frå heimesjukepleia på Daletunet.
Vaksdal sjukeheim: Brannalarmanlegg med direkte varsling til 110-sentralen. Fullsprinkla. Minimum to tilsette på vaken vakt.
Elvavegen: Brannalarmanlegg med direkte varsling til 110-sentralen. Ein til to tilsette på vaken vakt.
Jamnatunet: Brannalarmanlegg med direkte varsling til Vaksdal sjukeheim og 110-sentralen. Vaktordning ved Vaksdal sjukeheim.
Sveabrekko: Brannalarmanlegg som varslar berre internt. Ingen vaktordning.
Kommunen har utarbeida plan for bruk av alternative bygningar etter ein brann.

## 19. Epidemi mellom folk

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at det bryt ut epidemi mellom folk i Vaksdal kommune. Ein epidemi er eit sjukdomsutbrot der «vesentleg fleire enn forventa» vert smitta. Dei mest sannsynlege epidemiane vil vere pandemisk influensa og andre virussjukdomar, e-coli, noro-virus, tuberkulose, hjernehinnebetennelse (meningitt), multiresistente bakteriar. |
| **Konsekvensar** | Ein epidemi mellom folk vil kunne føre til at mange som har samfunns-viktige funksjonar også vert «sett ut av spel» for ein periode. Dette gjeld både innan helsevesenet og omsorgstenesta, brannvesen, politi, straumforsyning, vegvedlikehald (brøyting), dei som arbeider med vassverka mv.<br>Det kan ved store epidemiar verte for lite sengekapasitet og mangel på utstyr og legemiddel.<br>Det kan vere ei ekstra utfordring å nå fram til framandspråklege med nødvendig informasjon raskt nok.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn tre dødsfall<br>Hendinga kan føre til meir enn 15 alvorlege sjukdomstilfelle<br>Hendinga vil ikkje føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i meir enn sju døgn for inntil 200 personar<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller kulturverdiar<br>Hendinga kan føre til økonomiske skadar og tap på inntil 10 mill.kr. inkl. sjukmeldingar<br>Hendinga kan føre til mindre omdømmesvekking for kommunen |
| **Tiltak** | Rask diagnose og behandling<br>Isolering av smitta<br>Sporing av smitte<br>Informasjon til innbyggjarane<br>Massevaksinering<br>Rasjonalisere drifta ved personalmangel<br>Vurdere å nekte samling av store folkemengder<br>Stenge skular og barnehagar, heimeundervisning<br>Forbod mot å ta i mot besøk på sjukeheimar |
| **Evakuering** | Må vurderast. Isolering av smitta er aktuelt |
| **Befolknings-varsling** | Ja. Ein må raskt ut med informasjon om m.a. førebyggjande tiltak |
| **Krisekom-munikasjon** | Naudsynt |
| **Merknader:**<br>Etter smittevernlova og helseberedskapslova skal m.a. kommunar og vassverk ha smittevernplanar med omtale av beredskapsplanar og smittsame sjukdomar.<br>Rutinemessig vaksinering av utsette grupper og til dels alle i kommunen.<br>Ein tar prøvar av vatn frå vassverka.<br>Mattilsynet gjennomfører kontrollar.<br>Det vert gjennomført testing av utsette grupper eller personar, m.a. innflyttarar frå visse land og tilsette innan helse og meistring som har vore på helseinstitusjonar i visse land. | |

## 20. Alvorleg trafikkulykke

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at det skjer ei alvorleg trafikkulykke med minst seks skadde. |
| **Konsekvensar** | Hendinga kan føre til stengd veg ein periode<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn tre dødsfall<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn 15 alvorlege personskadar<br>Hendinga vil ikkje føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i inntil eitt døgn for meir enn 1.000 personar<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller kulturverdiar<br>Hendinga kan føre til økonomiske skadar og tap på over 100 mill.kr.<br>Hendinga kan føre til mindre omdømmesvekking for kommunen |
| **Tiltak** | Oppfølging av involverte og pårørande. Psykososialt kriseteam<br>Opprydding når skadestaden er frigjeven av politiet |
| **Evakuering** | Nei |
| **Befolknings-varsling** | Må vurderast avvegvesenet, spesielt ved stengde vegar over lang tid |
| **Krisekom-munikasjon** | Må vurderast |

**Merknader:**
Vegnettet i Vaksdal kommune består av europaveg, fylkesvegar, kommunale vegar og private vegar. E16 går gjennom Vaksdal kommune. Årsdøgntrafikken (ÅDT) ligg på om lag 4.900 kjøretøy aust for Dale og om lag 5.600 kjøretøy på grensa mot Bergen. Strekninga gjennom Vaksdal kommune er om lag 32 km lang. Andelen lange kjøretøy er høg, om lag 17 - 18 % på dei viktigaste vegane. Frå Dalseid går Fv. 569 til Stamnes og vidare til Eidslandet og Modalen. Om lag frå der tunnelen som går til Modalen startar, går Fv. 5410 til Nesheim i Eksingedalen og vidare over fjellet til Evanger i Voss kommune. Frå Nesheim til Gullbrå går Fv. 5398. Fv. 5400 går frå Dale over Bergsdalen til Bulken. Ved Stamnes er det bruk over til Osterøy.
Vegane i kommunen er til dels smale, svingete og trafikkfarlege. Einskilde lange, rette vegstrekningar freistar til høg fart
I perioden 2011 – 2020 vart det registrert til saman 47 vegtrafikkulykker med personskadar i Vaksdal kommune. I desse ulykkene vart 42 personar lettare skada, 14 hardt skada og sju døde. Om lag 75 % av desse ulykkene skjedde på eller i tilknyting til E16.
Det er ambulansestasjon på Dale, men ambulansen er ikkje på Dale store delar av døgeret.
Det er fleire sjukehus som ikkje ligg langt frå Vaksdal kommune.

## 21. Alvorleg ulykke på jernbanen

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at det skjer ei alvorleg ulykke på jernbanen |
| **Konsekvensar** | Stengd jernbane både når det gjeld persontog og godstog<br>Ei alvorleg ulykke på jernbanen vil også kunne føre til stengd E16 ettersom jernbanelinja og E16 ligg svært nær einannan på lange strekningar<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn tre dødsfall<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn 15 alvorlege personskadar<br>Hendinga vil ikkje føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i inntil eitt døgn for meir enn 1.000 personar<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller kulturverdiar<br>Hendinga kan føre til økonomiske skadar og tap på over 100 mill.kr.<br>Hendinga kan føre til mindre omdømmesvekking for kommunen |
| **Tiltak** | Opprette pårørandesenter<br>Opprette senter for evakuerte<br>Psykososialt kriseteam |
| **Evakuering** | Må vurderast |
| **Befolknings-varsling** | Politiet vurderer dette |
| **Krisekom-munikasjon** | Naudsynt |
| **Merknader:**<br>Det er ei jernbanestrekning i kommunen. Denne går frå grensa mot Bergen i vest til grensa mot Voss i aust. Strekninga er ca. 32 km lang. Det er fleire lange tunnelar på denne jernbanestrekninga. Den lengste er Trollkonatunnelen på grensa mot Voss. Den er 8.040 m lang. På grensa mot Bergen ligg Hananipatunnelen som er ca. 6.100 m lang. Jernbanetrafikken representerer eit betydeleg potensiale for store ulykker med mange skadde, tap av store materielle verdiar og miljøskader, men ut frå erfaring er sannsynet for slike alvorlege ulykker liten.<br>Det er 21 planovergangar i Vaksdal kommune. 18 av desse er berre for gåande. Dei tre som er opne for køyring er sikra på følgjande måte: to med halvbom og ein med heilbom<br>Det er ATC og ATS på heile linja<br>I dei to lange tunnelane er det ledelys, avstandsmarkering og togradiodekning. I Hananipatunnelen er det også UHF-samband | |

## 22. Alvorleg luftfartsulykke

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at det skjer ei alvorleg luftfartsulykke i Vaksdal kommune. |
| **Konsekvensar** | Dersom luftfartøyet kolliderer med ei kraftline, kan området verte utan straum ein periode<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn tre dødsfall (helikopter eller småfly)<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn tre alvorlege personskadar (helikopter eller småfly)<br>Hendinga vil ikkje føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i inntil eitt døgn for inntil 200 personar<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller kulturverdiar<br>Hendinga kan føre til økonomiske skadar og tap på inntil 100 mill.kr.<br>Hendinga kan føre til mindre omdømmesvekking for kommunen |
| **Tiltak** | Oppfølging av involverte og pårørande<br>Psykososialt kriseteam<br>Opprydding når skadestaden er frigjeven av politiet |
| **Evakuering** | Må vurderast. Vert bestemt av politiet |
| **Befolknings-varsling** | Må vurderast. Vert utført av politiet |
| **Krisekom-munikasjon** | Må vurderast |
| **Merknader:**<br>Vaksdal kommune ligg langt frå næraste kommersielle flyplass.<br>Det er ein god del flyging med helikopter i Vaksdal kommune, og ein del flyging med småfly<br>Kraftliner og antenner mv. er merka. | |

## 23. Alvorleg hending med brukarar eller innbyggjarar

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at det skjer ei alvorleg hending med kommunen sine brukarar eller andre innbyggjarar i kommunen<br>Av aktuelle hendingar er drap, alvorleg voldsepisode, påsette brannar, overfallsvoldtekter, ransbølgje |
| **Konsekvensar** | Slike hendingar vil i stor grad skape utryggheit i lokalsamfunnet<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til dødsfall<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn tre alvorlege personskadar<br>Hendinga vil ikkje føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i inntil to døgn for inntil 50 personar<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller kulturverdiar<br>Hendinga kan føre til økonomiske skadar og tap på inntil 10 mill.kr.<br>Hendinga kan føre til alvorleg omdømmesvekking for kommunen |
| **Tiltak** | Oppfølging av involverte og pårørande<br>Psykososialt kriseteam<br>Varsle nødetatane |
| **Evakuering** | Må vurderast |
| **Befolknings-varsling** | Må vurderast. Andre varslar |
| **Krisekom-munikasjon** | Naudsynt |
| **Merknader:**<br>Det er montert gatelys på sentrale stader<br>Politiberedskap | |

## 24. Svikt i medisintilgang

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at det ikkje er tilgang på livsviktig medisin i Vaksdal kommune, eller at heimesjukepleiar ikkje kjem seg fram til brukaren med medisin. |
| **Konsekvensar** | Dersom multidosane vert forseinka må ein setje mange medarbeidarar med rett kompetanse til å pakke medisin til den einskilde av dei om lag 100 brukarane.<br>Ei slik hending vil gje redusert tenesteyting mens arbeidet med å pakke medisin går føre seg.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til dødsfall<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn få og små sjukdomstilfelle<br>Hendinga kan føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong i inntil eitt døgn for inntil 50 personar<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i inntil eitt døgn for inntil 50 personar<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller kulturverdiar<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til økonomiske skadar og tap på over 100.000 kr.<br>Hendinga kan føre til mindre omdømmesvekking for kommunen |
| **Tiltak** | Ha oversikt over trongen for medisin til ei kvar tid<br>Kalle inn ekstrahjelp med rett kompetanse<br>Godt samarbeid mellom dei ulike yrkesgruppene innan helse |
| **Evakuering** | Ikkje aktuelt |
| **Befolknings-varsling** | Ikkje naudsynt |
| **Krisekom-munikasjon** | Ikkje naudsynt |
| **Merknader:**<br>Det er eitt apotek i kommunen. Det er dessutan apotek i Arna og på Voss. Til heimebuande som heimesjukepleietenesta og psykiatritenesta gir medisin til vert det nytta multidose.<br>Vaksdal tingar medisin fast ein gong kvar veke.<br>Ved trong kan ein få hastelevering innan 24 timar.<br>I akutte situasjonar vil ein kunne få medisin innan fire timar.<br>Når pasientar vert skrivne ut frå sjukehus, sender sjukehuset medisin for nokre dagar med pasienten.<br>Det er eit lite «kriselager» av den viktigaste medisinen i kommunen. | |

# 25. Radioaktivt nedfall

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at Vaksdal kommune vert råka av radioaktivt nedfall. |
| **Konsekvensar** | Radioaktivt nedfall kan føre til at matvarer vert ureina og dermed ikkje eigna til menneskeføde, og at drikkevatn vert ureina.<br>Radioaktivt nedfall kan føre til utryggheit og panikk mellom folk.<br>Opplysning om radioaktivt nedfall vil føre med seg stor etterspurnad etter informasjon.<br>Det vil kunne verte ei særleg utfordring å få ut tilstrekkeleg med informasjon til framandspråklege raskt.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn tre dødsfall (seinskadar)<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn tre alvorlege sjukdomstilfelle (seinskadar)<br>Hendinga kan føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong i meir enn sju døgn for meir enn 1.000 personar<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i meir enn sju døgn for meir enn 1.000 personar<br>Hendinga kan føre til skadar på naturmiljø i meir enn 10 år og for over 300 $km^2$<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på kulturverdiar<br>Hendinga kan føre til økonomiske tap på over 100 mill.kr.<br>Hendinga kan føre til mindre omdømmesvekking for kommunen når ein legg til grunn at store delar av Noreg vert råka. Dersom eit mindre område vert råka vil det føre til større tap av omdømme for det område som vert råka |
| **Tiltak** | Be folk halde seg innandørs<br>Setje i verk pålegg og råd frå sentrale myndigheiter<br>Informere om kler som gjev vern dersom ein må utandørs<br>Overvaking av nyheiter og formidling av informasjon til publikum<br>Evt. evakuering til tilfluktsrom dersom dette vert sett som nødvendig<br>Tilkalle Sivilforsvaret for måling av stråling ved lokalt utslepp<br>Reinsing av personer som har vore utsett for radioaktivt nedfall; Sivilforsvaret<br>Innskrenking i fri ferdsel, portforbod<br>Ta inn dyr frå beite dersom det er tilrådd<br>Distribusjon av drikkevatn og næringsmiddel som ikkje er ureina<br>Evt. distribusjon av tilsetjingsstoff til dyrefôr for å redusere radioaktivitet i kjøtet |
| **Evakuering** | Må vurderast |
| **Befolknings-varsling** | Ja. Ein må raskt ut med informasjon om m.a. førebyggjande tiltak |
| **Krisekom-munikasjon** | Naudsynt |
| **Merknader:**<br>Alle dei fire offentlege vassverka i Vaksdal kommune hentar vatn frå grunnvatn.<br>Radioaktivt nedfall inngår i kommunen sin overordna beredskapsplan<br>Vaksdal kommune har utarbeida ein eigen atomberedskapsplan<br>Ein har eit samarbeid med Bergen kommune ved slike ulykker. | |

| |
|---|
| Statens Strålevern har det overordna faglege ansvaret for dette området, både med mynde og med overvaking av radioaktivitet i luft. www.dsa.no<br>Det eksisterer ein eigen beredskap for atomhendingar i Noreg. Organisasjonen for beredskap består sentralt av Kriseutvalget for atomulykker.<br>Vaksdal kommune har plan for distribusjon av jodtablettar og evt. tilsetjing til dyrefôr |

## 26. Ulykke utanfor kommunen som påverkar innbyggjarane i Vaksdal kommune

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at det skjer ei ulykke utanfor kommunen som påverkar innbyggjarane i Vaksdal kommune i stor grad.<br>Uhell som medfører radioaktivt nedfall har eigen handlingsplan |
| **Konsekvensar** | Ei slik hending kan føre til at vegar eller jernbanen vert stengde, at det vert bortfall av straum, tele mv.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til dødsfall<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn 15 alvorlege personskadar<br>Hendinga vil ikkje føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i inntil to døgn for inntil 200 personar<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller kulturverdiar<br>Hendinga kan føre til økonomiske skadar og tap på inntil 10 mill.kr.<br>Hendinga kan føre til mindre omdømmesvekking for kommunen |
| **Tiltak** | Kommunal kriseleiing<br>Psykososialt kriseteam<br>Kontakte Utanriksdepartementet dersom ulykka er i utlandet<br>Gjennomføre informasjonstiltak<br>Etablere pårørandesenter<br>Vurdere å sende representantar frå kommunen til den staden der ulykka har skjedd |
| **Evakuering** | Ikkje aktuelt |
| **Befolknings-varsling** | Må vurderast |
| **Krisekommu-nikasjon** | Naudsynt |
| **Merknader:**<br>Telefonnummer til Utanriksdepartementet; 23 95 00 00 | |

## 27. Mangelfull oppfølging av bekymringsmelding

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at kommunen har motteke bekymringsmelding, men denne meldinga vert ikkje følgd opp og seinare medfører det ei uønskt hending.<br>Dette vil i hovudsak skje innan barnevernet. |
| **Konsekvensar** | Når det kjem fram at bekymringsmeldinga ikkje er følgd opp i tilstrekkeleg grad, fører det ofte til trong for ekstra stor ressursbruk i fleire ledd i organisasjonen.<br>Slike situasjonar fører til usikkerheit mellom brukarar og pårørande.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til dødsfall<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn få og små sjukdomstilfelle<br>Hendinga vil ikkje føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i meir enn sju døgn for inntil 50 personar<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller kulturverdiar<br>Hendinga kan føre til økonomiske skadar og tap på inntil 1 mill. kr. inkl. erstatningsansvar<br>Hendinga kan føre til mykje alvorleg omdømmesvekking for kommunen |
| **Tiltak** | Ta godt vare på dei som er involvert<br>Skrive avviksmelding<br>Ny gjennomgang av rutinar for handsaming av avviksmeldingar |
| **Evakuering** | Ikkje aktuelt |
| **Befolknings-varsling** | Nei |
| **Krisekommu-nikasjon** | Naudsynt dersom det vert ei «mediasak» |
| **Merknader:**<br>Vaksdal kommune har gode rutinar for å ta mot og handsame bekymringsmeldingar og desse rutinane er godt kjende mellom dei tilsette. | |

## 28. Feil behandling / medisinering

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at det er gjeve feil behandling eller medisinering av ein pasient / brukar. Dette kan skje både på legekontoret, sjukeheim, i heimesjukepleietenesta og innan psykiatri |
| **Konsekvensar** | Feil her kan føre til forverra sjukdomsbilete og i verste tilfelle til dødsfall<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til dødsfall<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn få og små sjukdomstilfelle<br>Hendinga vil ikkje føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i inntil eitt døgn for inntil 50 personar<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller kulturverdiar<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til økonomiske skadar og tap på over 100.000 kr.<br>Hendinga kan føre til mindre omdømmesvekking for kommunen |
| **Tiltak** | Kontakte lege<br>Setje i verk mottiltak<br>Ta vare på dei involverte<br>Skrive avviksmelding<br>Bruke multidosar |
| **Evakuering** | Ikkje aktuelt |
| **Befolknings-varsling** | Nei |
| **Krisekommu-nikasjon** | Naudsynt dersom det vert ei «mediasak» |
| **Merknader:**<br>Lovar og forskrifter regulerer desse tilhøva godt<br>Ein har rutinar med dobbelkontroll, men ikkje alle «ledd» har dobbelkontroll | |

## 29. Ras / skred

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at det skjer eit ras eller skred i område der folk, bygningar eller viktig infrastruktur vert råka. Både steinar, lausmassar, is og snø som rasar ned er med i denne hendinga. |
| **Konsekvensar** | Ein del ras og skred råkar vegar og jernbane, noko som fører med seg at desse vert stengde ein periode til vegen og / eller jernbanelinja er rydda og området vert vurdert som trygt. I einskilde tilfelle kan det føre til at bygder vert isolerte<br>Også master til kraftliner kan verte råka, med brot i straumforsyning som resultat.<br>Skred og ras fører ofte med seg utryggheit.<br>Dersom skredet / raset råkar vegbana kan det føre med seg problem for m.a. nødetatar og heimetenestene.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til dødsfall<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn få og små personskadar<br>Hendinga vil ikkje føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i inntil to døgn for inntil 50 personar<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller kulturverdiar<br>Hendinga kan føre til økonomiske skadar og tap på inntil 10 mill. kr.<br>Hendinga kan føre til alvorleg omdømmesvekking for kommunen |
| **Tiltak** | Oppreinsking<br>Vurdering frå geolog / geoteknikar om området er trygt<br>Vurdere evakuering<br>Skilte omkjøring<br>Avsperring dersom området ikkje er trygt |
| **Evakuering** | Må vurderast |
| **Befolknings-varsling** | Dersom hendinga medfører stengte vegar eller jernbane, må ein informere innbyggjarane om stenginga og kor lenge ein må vente at den vil vare, i samråd med vegvesenet / BaneNOR |
| **Krisekommu-nikasjon** | Må vurderast |

**Merknader:**
Skrednett.no viser at store delar av Vaksdal kommune kan verte råka av ras eller skred.
Det er på den same nettstaden registrert ei rekkje ras / skred i Vaksdal kommune.
Ut frå erfaring er følgjande stader særleg utsette: Dale (isras), delar av Eksingedalen (snøskred), delar av Bergsdalen (snøskred), Stanghelle (stor stein ovanfor Døso), Boge.
Langs delar av jernbanelinja er det sett opp elektrisk gjerde som vil gje signal til lokførar dersom det vert brote, for eksempel av eit ras.
Det er gjennomført ein del sikring (bolting) av steinar som kan true område med hus.
Ved Eksingedalen oppveksttun er det bygd ein rasvoll.
Det er sett i verk overvaking på Boge.
Det er montert nett på særleg rasfarlege strekningar langs vegar og jernbanelinja.
Vaksdal kommune har ei eigen «rasgruppe».
Vaksdal kommune registrerer på kart når det vert observert steinsprang på vegar.

## 30. Utgliding av massar

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at det skjer ei utgliding av massar, for eksempel leire. |
| **Konsekvensar** | Einskilde utglidingar kan føre til stenging av vegar, noko som fører med seg at desse vert stengde ein periode til vegbana er bygd opp igjen og området vert vurdert som trygt.<br>Når massar glir ut, kan det føre til at bygningar vert flytta på og i einskilde tilfelle til at dei må rivast.<br>Utrasing av massar fører ofte med seg utryggheit.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til dødsfall<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn få og små personskadar<br>Hendinga vil ikkje føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i inntil sju døgn for inntil 200 personar<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller kulturverdiar<br>Hendinga kan føre til økonomiske skadar og tap på inntil 100 mill. kr.<br>Hendinga kan føre til mindre omdømmesvekking for kommunen |
| **Tiltak** | Vurdere evakuering i samråd med politiet og geoteknikar<br>Sperre av området |
| **Evakuering** | Må vurderast |
| **Befolknings-varsling** | Dersom hendinga medfører stengte vegar eller jernbane, må ein informere innbyggjarane om stenginga og kor lenge ein må vente at den vil vare, i samråd med vegvesenet / BaneNOR. |
| **Krisekommu-nikasjon** | Må vurderast |
| **Merknader:**<br>Det er ikkje gjennomført tiltak mot utgliding av massar ut over det som vert gjort i samband med bygge- og anleggsverksemd i aktuelle område. | |

## 31. Brann i tettbygd område

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at det bryt ut brann i tettbygd område og at brannen spreier seg til fleire bygningar før den vert sløkt. |
| **Konsekvensar** | Ein så stor brann vil føre til at beredskapen ved andre brannar og ulykker vert redusert medan sløkkjearbeidet går føre seg.<br>Ved bygningsbrannar nær veg eller jernbane kan det verte nødvendig å stenge vegen / jernbana ein periode.<br>All erfaring viser at det er dei som oppheld seg i startbrannbygningen som er utsette for å omkome i bygningsbrannar.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til dødsfall<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn få og små personskadar<br>Hendinga vil ikkje føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i inntil eitt døgn for inntil 200 personar<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller kulturverdiar<br>Hendinga kan føre til økonomiske skadar og tap på inntil 100 mill.kr.<br>Hendinga kan føre til mindre omdømmesvekking for kommunen |
| **Tiltak** | Sløkkje<br>Be om hjelp frå nabobrannvesen<br>Be om hjelp frå Sivilforsvaret<br>Tilby alternative husvære ved trong for det i ein akuttfase for personar ved har vorte huslause |
| **Evakuering** | Bygningar i nærleiken av der det brenn |
| **Befolknings-varsling** | Varsling av dei som oppheld seg i nærområdet til der det brenn |
| **Krisekommu-nikasjon** | Må vurderast |
| **Merknader:**<br>Det er i område der det står bygningar nærare ein annan enn åtte meter utan at desse bygningane har tilstrekkeleg brannmotstand, slik at ein brann lett kan spreie seg frå bygning til bygning, at slike hendingar er aktuelle.<br>Sterk vind eller der terrenget er bratt vil auke brannsmittefaren.<br>Aktuelle område i Vaksdal kommune er: delar av Vaksdal sentrum, delar av Dale sentrum og delar av Stamnes sentrum.<br>Det er ikkje sett i verk spesielle sikringstiltak.<br>Det er brannstasjon både på Dale og Vaksdal.<br>Ein legg til grunn at alle bustadhus har både røykvarslar og sløkkjeapparat eller husbrannslange. | |

## 32. Brann i fabrikk

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at det bryt ut brann i ein fabrikk. |
| **Konsekvensar** | Ein så stor brann vil føre til at beredskapen ved andre brannar og ulykker vert redusert medan sløkkjearbeidet går føre seg.<br>Ved bygningsbrannar nær veg eller jernbane kan det verte nødvendig å stenge vegen / jernbana ein periode.<br>Ein stor brann på ei slik verksemd fører ofte til at verksemda ikkje vert bygd opp att. Dette vil virke negativt inn på underleverandørar også.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til dødsfall<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn tre alvorlege personskadar<br>Hendinga vil ikkje føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i meir enn sju døgn for inntil 50 personar<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på naturmiljø<br>Hendinga kan føre til avgrensa skadar på kulturmiljøet dersom bygningar som har kulturhistorisk verdi vert råka<br>Hendinga kan føre til økonomiske skadar og tap på over 100 mill.kr.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til omdømmesvekking for kommunen |
| **Tiltak** | Sløkkje<br>Be om hjelp frå nabobrannvesen<br>Be om hjelp frå Sivilforsvaret |
| **Evakuering** | Må vurderast i nærleiken av der det brenn |
| **Befolknings-varsling** | Varsling av dei som oppheld seg i nærområdet til der det brenn |
| **Krisekommu-nikasjon** | Må vurderast |
| **Merknader:**<br>Dei aktuelle fabrikkane i Vaksdal kommune er: Norgesmøllene, Felleskjøpet, Dale of Norway, Arnpro og Pallegrossisten.<br>Felleskjøpet er ein særs viktige leverandørar av kraftfôr og fôr til kjeledyr. Dei har ikkje krav frå myndigheitene til å ha noko beredskapslager av fôr.<br>Norgesmøllene er ein særs viktig leverandør av ulike mjølblandingar. Dei har ikkje krav frå myndigheitene til å ha noko beredskapslager av mjøl.<br>Ein mindre kraftstasjon kan verte skada ved brann på Norgesmøllene / Felleskjøpet.<br>Norgesmøllene og Felleskjøpet har brannalarmanlegg med direkte varsling til 110-sentralen og deler av bygningsmassen er sprinkla med direkte varsling til 110-sentralen.<br>Desse verksemdene har også industrivern.<br>Dale of Norway har brannalarmanlegg med varsling til eigne tilsette.<br>Dale Fabrikker har brannalarmanlegg med direkte varsling til 110-sentalen<br>Arnpro har brannalarmanlegg utan ekstern varsling.<br>Det er sprinklaranlegg på Dale fabrikker, Dale of Norway og Pallegrossisten.<br>Det er brannstasjon både på Dale og Vaksdal. | |

# 33. Brann i forsamlingslokale, inkl. kyrkjer

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at det bryt ut brann i ei av kyrkjene eller andre større forsamlingslokale i kommunen. |
| **Konsekvensar** | Ein brann i Stanghelle samfunnssal vil føre til at skulen misser gymnastikksalen sin. Dessutan kan ein brann i dette lokalet lett spreie seg til resten av skulen.<br>Ved brann i Turbinen kan det verte nødvendig å ta straumen i forsyningsområdet pga. nærleiken til trafostasjonen. BKK har mogelegheit for å kople om slik at kundane får straum.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til dødsfall<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn få og små personskadar / sjukdomstilfelle<br>Hendinga vil ikkje føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i inntil eitt døgn for inntil 200 personar<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller kulturverdiar<br>Hendinga kan føre til økonomiske skadar og tap på over 100 mill.kr.<br>Hendinga kan føre til mindre omdømmesvekking for kommunen |
| **Tiltak** | Evakuere bygningen dersom det er folk der<br>Setje i verk sløkking<br>Tilkalle nabobrannvesen<br>Tilkalle restverdiredning (RVR) |
| **Evakuering** | Må vurderast i nærleiken av der det brenn |
| **Befolknings-varsling** | Varsling av dei som oppheld seg i nærområdet til der det brenn |
| **Krisekommu-nikasjon** | Må vurderast |
| **Merknader:**<br>I Vaksdal kommune er det seks kyrkjer (Vaksdal, Dale, Nesheim, Flatekval, Stamnes, Bergsdalen), eit kapell (Eidsland) og fire forsamlingslokale (Vaksdal samfunnssal, Stanghelle samfunnssal, Dalehallen, Turbinen) som har minst 150 sitjeplassar.<br>Av kyrkjene er det Nesheim som ligg lengst frå næraste brannstasjon. Her er det om lag 60 km frå Dale brannstasjon. Det er eit branndepot på Eidslandet som ligg om lag 35 km frå denne kyrkja.<br>Av forsamlingslokala er det Stanghelle samfunnssal som ligg lengst frå næraste brannstasjon, om lag sju km.<br>Flest personar kan det opphalde seg i Turbinen, med om lag 600 personar.<br>Alle kyrkjene, kapellet og dei nemnde forsamlingslokala er registrerte som særskilde brannobjekt. Brannvesenet kontrollerer dermed bygningane jamleg, og det er krav om at eigarane dokumenterer at branntryggleiken er tilfredsstillande.<br>Alle dei nemnde bygningane har brannalarmanlegg, men berre ein av dei har direkte varsling til 110-sentralen.<br>Turbinen og Vaksdal samfunnssal har automatisk sløkkeanlegg. | |

## 34. Brann i tunnel (veg eller jernbane)

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at det begynnar å brenne i eit køyretøy i ein vegtunnel eller i eit passasjer- eller godstog i ein jarnbanetunnel, og at tunnelen vert stengt i fleire døgn. |
| **Konsekvensar** | Ingen av vegtunnelane, unnateke Bogatunnelen, eller jernbane-tunnelane har rømming eller tilkomst andre vegar enn gjennom dei to tunnelmunningane. Dette vil kunne gjere det vanskeleg å nå fram til brannstanden raskt, alt etter trekkforholda i tunnelen.<br>Tilgangen på sløkkjevatn ut over det vatnet brannvesenet har med seg er mangelfull.<br>Brann i ein vegtunnel på E16 vil kunne lamme vegtrafikken på aktuell vegstrekning i fleire dagar.<br>For dei kommunale tenestene vil m.a. omsorgstenestene kunne verte vanskelegare å gjennomføre. Også arbeidet til brannvesen, ambulanse og polititenesta vil kunne verte vanskeleggjort.<br>Brann i ein jernbanetunnel vil kunne lamme jernbanetrafikken på aktuell strekning i fleire dagar.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til dødsfall<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn tre alvorlege personskadar<br>Hendinga vil ikkje føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i meir enn sju døgn for meir enn 1.000 personar<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller kulturverdiar<br>Hendinga kan føre til økonomiske skadar og tap på inntil 100 mill.kr.<br>Hendinga kan føre til alvorleg omdømmesvekking for kommunen |
| **Tiltak** | Setje i verk redning, sløkking og medisinske tiltak<br>Skilting av omkjøringsvegar<br>Ta i bruk helikoptertransport, terrenggåande kjøretøy |
| **Evakuering** | Aktuell tunnel må evakuerast. Evt. busette nær tunnelmunningen dersom det er sterk røykutvikling og det er hus i nærleiken. |
| **Befolknings-varsling** | Ja. Informasjon til dei som måtte vere i tunnelen. Vert gjeve av Vegtrafikksentralen, togførar og politiet<br>Informasjon om omkjøringsvegar og kor lenge ein må forvente at tunnelen vert stengd (i samråd med tunneleigar) |
| **Krisekommu-nikasjon** | Må vurderast |

**Merknader:**
Det er fleire lange vegtunnelar i Vaksdal kommune. Den lengste vegtunnelen på E16 er Stavenestunnelen. Den er ca. 2,8 km lang og ligg nær kommunegrensa mot Bergen. På E16 finn ein også Bogatunnelen som er om lag 2,0 km lang, Dalevågtunnelen som er om lag 1,8 km lang, Dalseidtunnelen som er om lag 1,8 km lang, Trengereidtunnelen som er om lag 1,8 km lang. På grensa mot Modalen ligg Modalstunnelen som er om lag 3,5 km lang. Årsdøgntrafikken på E16 på grensa mot Bergen er om lag 5.600 køyretøy og om lag 4.900 på grensa mot Voss.
Det er fleire lange tunnelar på jernbanestrekninga gjennom Vaksdal kommune. Den lengste er Trollkonatunnelen på grensa mot Voss. Den er om lag 8,0 km lang. På grensa mot Bergen ligg Hananipatunnelen som er om lag 6,1 km lang. Kvart år reiser det om lag 650.000 passasjerar med jernbanen på denne strekninga, eller om lag 1.800 per dag i gjennomsnitt.

## 35. Eksplosjon i kornsilo

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at det skjer eksplosjon i ein kornsilo. Det er slike siloar på Felleskjøpet på Vaksdal. |
| **Konsekvensar** | Ein eksplosjon i kornsilo kan føre med seg at bygningar kollapsar<br>Ein eksplosjon i kornsilo kan føre med seg at det oppstår brann i bygningar<br>Ein eksplosjon i kornsilo kan føre til at jernbanen vert stengt ein periode<br>Ein stor skade på kornsiloar kan føre til at verksemda vert lagt ned<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn tre dødsfall<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn tre alvorlege personskadar<br>Hendinga vil ikkje føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i inntil eitt døgn for meir enn 1.000 personar<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller kulturverdiar<br>Hendinga kan føre til økonomiske skadar og tap på over 100 mill.kr.<br>Hendinga kan føre til mindre omdømmesvekking for kommunen |
| **Tiltak** | Sløkke brann<br>Skadeavgrensing<br>Restverdiredning (RVR) |
| **Evakuering** | Må vurderast |
| **Befolknings-varsling** | Ja. Gjeld tettstaden Vaksdal |
| **Krisekommu-nikasjon** | Må vurderast |
| **Merknader:**<br>Felleskjøpet følgjer ATEX-direktiv som set krav til kva for utstyr og arbeidsmiljø ein kan ha i eit område der det kan vere eksplosjonsfare. Det vert berre nytta godkjent utstyr i utsette område. | |

## 36. Ulykke med farleg gods på veg eller jernbane

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at det skjer ei ulykke på veg eller jernbane der det vert sleppt ut farlig gods. |
| **Konsekvensar** | Eit uhell med farlig gods på jernbane kan føre til at jernbana må stengast ein periode. Ettersom vegen går tett ved jernbana på lange strekningar, vil også vegen kunne måtte stengast ein periode.<br>Eit uhell med farlig gods på veg kan føre til at vegen må stengast ein periode. Ettersom vegen går tett ved jernbana på lange strekningar, vil også jernbana kunne måtte stengast ein periode.<br>Ved utslepp av farlig gods kan ein få ureining av både grunnen og sjø / vassdrag.<br>Ved utslepp av farlig gods kan ein få ureining av drikkevasskjelder (grunnvatn).<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til dødsfall<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn tre alvorlege personskadar<br>Hendinga vil ikkje føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i inntil to døgn for meir enn 1.000 personar<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til skade på naturmiljø i meir enn tre år og at skaden vert mindre enn 3 $km^2$<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på kulturverdiar<br>Hendinga kan føre til økonomiske skadar og tap på inntil 100 mill.kr.<br>Hendinga kan føre til mindre omdømmesvekking for kommunen |
| **Tiltak** | Avsperring<br>Vurdere evakuering<br>Stanse lekkasje<br>Renovering av ureina grunn<br>Oppsamling i sjø og vassdrag<br>Bruke nøytraliserande stoff |
| **Evakuering** | Naudsynt nær skadestaden |
| **Befolknings-varsling** | Varsling av dei som oppheld seg i området nær der uhellet har skjedd.<br>Omfattande varsling ved stengt veg / jernbane |
| **Krisekommu-nikasjon** | Må vurderast |
| **Merknader:**<br>Det er på E16 og jernbanestrekninga det vert frakta mest farlig gods.<br>På E16 ligg den årlege mengda med farleg gods mellom 50.000 og 80.000 tonn. Dei typane farleg gods som det vert frakta mest av på vegane er brannfarleg vare (m.a. drivstoff), gassar, giftige stoff og etsande stoff. På jernbanen gjennom Vaksdal kommune vert det årleg frakta mellom 10.000 og 50.000 tonn farleg gods. Dei typane farleg gods som det vert frakta mest av på jernbana er fareklasse 9 (diverse farlige stoff og gjenstandar), eksplosivar, gass under trykk, giftige stoff.<br>Det er innført strenge nasjonale og internasjonale regelverk når det gjeld transport av farleg gods både på veg (ADR) og jernbane (RID). Desse regelverka stiller strenge krav m.a. til opplæring av sjåførar, tekniske krav til køyretøy, tankar mv.<br>Vaksdal kommune er medlemskommune i Bergen region interkommunale utvalg mot akutt forurensning (IUA). | |

## 37. Stengde vegar, inkl. bruer og tunnelar, i over 24 timar

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at ein eller fleire viktige vegar vert stengde i minst 24 timar |
| **Konsekvensar** | Stengde vegar vil kunne føre til at brannvesen, politi, ambulanse og heimesjukepleietenesta ikkje kjem fram eller må køyre lang omveg<br>Bygder kan verte isolerte<br>Stengde vegar vil også kunne føre til at barna ikkje kjem seg til og frå skule / barnehage og at folk ikkje kjem til og frå arbeidsplassen<br>Mjølkebilen kjem ikkje fram til alle mjølkeprodusentane<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til dødsfall<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn få og små personskadar / sjukdomstilfelle<br>Hendinga vil ikkje føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i inntil to døgn for inntil 1.000 personar<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller kulturverdiar<br>Hendinga kan føre til økonomiske skadar og tap på inntil 10 mill.kr.<br>Hendinga kan føre til mindre omdømmesvekking for kommunen |
| **Tiltak** | Rydde opp etter ras<br>Brøyte snø<br>Skilte omkøyring der det er mogeleg<br>Setje inn alternativ transport (t.d. båt) |
| **Evakuering** | Må vurderast dersom stenginga vert langvarig |
| **Befolknings-varsling** | Ja. Aktuell del av kommunen |
| **Krisekommu-nikasjon** | Må vurderast |
| **Merknader:**<br>Ein har ein god lokal brøyteberedskap<br>Det er gjennomført fjellreinsking på utsette strekningar<br>Det er gjennomført bolting og annan sikring på utsette strekningar<br>Store delar av vegnettet i Vaksdal kommune har særs lange omkjøringsvegar dersom vegen vert stengd av ymse årsaker. Nokre stader finns det ikkje mogelegheit for omkjøring. Eksempel på vegstenging som kan gje lange omkjøringsruter, er E16 på strekninga frå Trengereid til Dale og til dels på strekninga frå Dale til Evanger. Ei mogelegheit for omkjøring over Hamlagrø ved stenging på strekninga frå Dale til Evanger har ikkje kapasitet til å ta unna normal trafikk på E16. Eksempel på vegstrekning utan mogelegheit for omkjøring er strekninga frå Stamnes bru og vidare på Osterøy. Også vegen gjennom Eksingedalen vil vere utan omkjøringsmogelegheit i delar av året. | |

## 38. Flaum i bekkar og elver

<table>
<tr><td>Hendingar</td><td>Denne hendinga gjeld at det vert så stor flaum i bekkar og elver i Vaksdal kommune at det medfører skadar og / eller stengde vegar mv.</td></tr>
<tr><td>Konsekvensar</td><td>Stor flaum kan føre til:<br>• Stengde vegar og jernbane<br>• Skadar på bygningar<br>• Skadar på vass- og avløpsleidingar<br>• Skadar på straumforsyning<br>• Skadar på telesamband<br>• Ureining av vassforsyninga<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til dødsfall<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn få og små personskadar / sjukdomstilfelle<br>Hendinga kan føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong i inntil to døgn for inntil 50 personar<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i inntil to døgn for inntil 50 personar<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til skade på naturmiljø i meir enn tre år og ikkje meir enn tre kilometer elvestrekning<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på kulturverdiar<br>Hendinga kan føre til økonomiske skadar og tap på inntil 100 mill.kr.<br>Hendinga kan føre til mindre omdømmesvekking for kommunen</td></tr>
<tr><td>Tiltak</td><td>Varsling<br>Flaumtapping når det vert varsla ekstrem nedbør<br>Setje i verk evakuering om nødvendig<br>Setje i verk beredskap for opprydding<br>Tømming av bygningar som har inntrenging av vatn<br>Ved evakuering langs Daleelva er Turbinen ikkje aktuell då tilkomst kan vere hindra</td></tr>
<tr><td>Evakuering</td><td>Naudsynt i utsette område</td></tr>
<tr><td>Befolknings-varsling</td><td>Naudsynt</td></tr>
<tr><td>Krisekommu-nikasjon</td><td>Naudsynt</td></tr>
<tr><td colspan="2">Merknader:<br>Følgjande vassdrag i Vaksdal kommune er særleg utsette: Vaksdalsvassdraget, Bergsdalsvassdraget, Eksingedalsvassdraget, Vossevassdraget. I tillegg vil ein del sidevassdrag og bekkar i tettbygde strok vere utsette for flaum.<br>Masse som vert sett av i elver og bekkar gjer at flaumen kjem høgare<br>Det er utarbeida flomsonekart for Bergsdalsvassdraget gjennom Dale.<br>Det er utarbeida vannlinjeutrekning for Vaksdalsvassdraget (BaneNOR og Statens vegvesen)<br>Det er bygd kraftverksdammar som kan nyttast til flaumregulering.<br>Flaumløp er opna.<br>Det er gjennomført ein del elveførebygging</td></tr>
</table>

## 39. Ureining i vassforsyninga

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at vassforsyninga i eit eller fleire av vassverka i kommunen vert ureina slik at vatnet ikkje kan nyttast til drikke og matlaging. |
| **Konsekvensar** | Dale og Stanghelle: I høgdebassenga vil det ved normalt forbruk vere kapasitet til om lag eitt døgn forbruk. Sjå elles opplysning nedanfor når det gjeld tilkopling til BKK sitt anlegg.<br>Ved Vaksdal vassverk vil det på høgdebassenget ved normalt forbruk vere kapasitet til om lag 2,5 døgn forbruk.<br>Stamnes: I høgdebassenga vil det ved normalt forbruk vere kapasitet til om lag fire døgn forbruk.<br>Eidslandet: Særs sårbart ved straumbrot på grunn av manglande nødstraumforsyning og at ein ikkje har utjamingsbasseng.<br>Ureining av vassforsyninga kan føre med seg stort sjukefråvær.<br>Det vil vere ei særleg utfordring å få ut rask og nøyaktig informasjon til framandspråklege.<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til dødsfall<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til meir enn 15 alvorlege sjukdomstilfelle<br>Hendinga vil ikkje føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i inntil sju døgn for meir enn 1.000 personar<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller kulturverdiar<br>Hendinga kan føre til økonomiske skadar og tap på inntil 1 mill.kr.<br>Hendinga kan føre til alvorleg omdømmesvekking for kommunen. |
| **Tiltak** | Sende ut varsel om koking av drikkevatn<br>Kloring av vatnet dersom det vert sett på som eit tenleg tiltak<br>Stenge av vassforsyning til abonnentane<br>Informere abonnentane via t.d. Everbridge<br>Setje i verk tilgjengeleg nødvassforsyning |
| **Evakuering** | Ikkje aktuelt |
| **Befolknings-varsling** | Naudsynt |
| **Krisekommu-nikasjon** | Naudsynt |
| **Merknader:**<br>Det er fire kommunale vassverk i Vaksdal kommune: Dale og Stanghelle (2.000 forbrukarar), Vaksdal (1.000 forbrukarar), Stamnes (100 forbrukarar) og Eidslandet (50 forbrukarar).<br>Om lag 76 % av innbyggjarane i Vaksdal kommune er tilknytt eit av dei kommunale vassverka.<br>Alle dei fire vassverka hentar vatn frå grunnvatn i lausmassar.<br>I tillegg er det eit godkjenningspliktig privat vassverk i kommunen: Helle private vassforsyning (Helle 18 hus).<br>Det er i tillegg åtte private vassverk som ikkje forsyner så mange abonnentar at dei er godkjenningspliktige.<br>Det er to hygieniske barrierar ved alle vassbehandlingsanlegga, med unntak av Eidslandet.<br>Nedbørsfelta er klausulerte.<br>Det vert teke prøvar av vatnet kvar 14. dag ved Dale / Stanghelle vassverk og Vaksdal vassverk. Kvar 4. veke på dei to minste kommunale vassverka.<br>Det er utarbeida internkontrollsystem for vassverka. | |

| |
|---|
| Det er heimevaktordning for personell som kan rette feil og rekvirere nødvendig innsats.<br>Brannvesenet har tankbil med 13,5 $m^3$ tank. Denne kan klargjerast for drikkevassforsyning innan 2-3 timar ettersom den må desinfiserast på Voss. I tillegg har kommunen ein 5 $m^3$ tank som kan kjørast ut med drikkevatn.<br>Det er driftsovervaking på alle dei fire kommunale vassverka.<br>Dale og Stanghelle: Reservekjelde. Høgdebasseng på 250 $m^3$, 1.000 $m^3$ og 120 $m^3$. Høgdebasseng på Stanghelle: 800 $m^3$. Ved hovudbassenget på Dale er det tilkopling til reserveuttak av vatn frå BKK med reinsing via UV-anlegg. Her vil det vere tilnærma uavgrensa med vatn. Nødstraumanlegg på Dale og tilrettelagt for nødstraum på Stanghelle. Innbrotsalarmanlegg i vassverkbygget. Godkjent av Mattilsynet.<br>Vaksdal: Ikkje reservekjelde. Høgdebasseng 1.000 $m^3$ og 650 $m^3$. Nødstraumaggregat. Innbrotsalarmanlegg i vassverkbygget. Godkjent av Mattilsynet.<br>Stamnes: Reservekjelde på Ottestadneset (ikkje hygienisk tilfredsstillande), men ikkje på Stamnes. Høgdebasseng 200 $m^3$ og 50 $m^3$. Nødstraumaggregat. Ikkje innbrotsalarm-anlegg  i vassverkbygget. Godkjent av Mattilsynet.<br>Eidslandet: Ikkje reservekjelde. Ikkje høgdebasseng. Ikkje nødstraumaggregat. Ikkje innbrotsalarmanlegg i vassverkbygget. Ikkje godkjent av Mattilsynet.<br>To av vassbehandlingsanlegga har brannalarmanlegg (Dale og Stanghelle og Vaksdal). |

## *40. Bortfall av vassforsyning i minst 48 timar*

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at det vert brot i vassforsyninga frå det eine av dei kommunale vassverka i Vaksdal kommune i over 48 timar. |
| **Konsekvensar** | Dale og Stanghelle: I høgdebassenga vil det ved normalt forbruk vere kapasitet til om lag eitt døgn forbruk. Sjå elles opplysning nedanfor når det gjeld tilkopling til BKK sitt anlegg.<br>Vaksdal vassverk er sårbart ved leidningsbrot på den lange overførings-leidninga. I høgdebassenget vil det ved normalt forbruk vere kapasitet til om lag 2,5 døgn forbruk.<br>Stamnes: I høgdebassenga vil det ved normalt forbruk vere kapasitet til om lag fire døgn forbruk.<br>Eidslandet: Særs sårbart ved straumbrot på grunn av manglande nødstraumforsyning og at ein ikkje har utjamingsbasseng.<br>Bortfall av vassforsyning vil føre med seg store konsekvensar for følgjande:<br>• Bustader<br>• Sjukeheimar og omsorgsbustader<br>• Skular og barnehagar<br>• Verksemder<br>• Brannberedskap<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til dødsfall<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til sjukdomstilfelle<br>Hendinga vil ikkje føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i inntil sju døgn for meir enn 1.000 personar<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller kulturverdiar<br>Hendinga kan føre til økonomiske skadar og tap på inntil 10 mill.kr.<br>Hendinga kan føre til alvorleg omdømmesvekking for kommunen. |
| **Tiltak** | Søk etter lekkasjestad<br>Reparere brot<br>Stenge av leidning for å avgrense tap av vatn<br>Setje i verk rasjonering av vatn (avstenging av delar av forsyningsområdet)<br>Setje i verk kjøring av vatn |
| **Evakuering** | Ikkje aktuelt |
| **Befolknings-varsling** | Ja. Informasjon om tiltak som er sett i verk og forventa lengde på bortfallet av vatn |
| **Krisekommu-nikasjon** | Naudsynt |
| **Merknader:**<br>Det er fire kommunale vassverk i Vaksdal kommune: Dale og Stanghelle (2.000 forbrukarar), Vaksdal (1.000 forbrukarar), Stamnes (100 forbrukarar) og Eidslandet (50 forbrukarar).<br>Om lag 76 % av innbyggjarane i Vaksdal kommune er tilknytt eit av dei kommunale vassverka.<br>Alle vassverka hentar vatn frå grunnvatn i lausmassar. Overføringsleidningen frå inntaket til Vaksdal sentrum er lang; 1,5 km.<br>I tillegg er det eit godkjenningspliktig privat vassverk i kommunen: Helle private | |

vassforsyning (Helle 18 hus).
Det er i tillegg åtte private vassverk som ikkje forsyner så mange abonnentar at dei er godkjenningspliktige.
Det er heimevaktordning for personell som kan rette feil og rekvirere nødvendig innsats. Kommunen har lager med dei mest aktuelle reservedelane. Kommunen har inngått serviceavtale med leverandørar av pumper. Det er utarbeida internkontrollsystem og vedlikehaldsplan for vassverka.
Brannvesenet har tankbil med 13,5 $m^3$ tank. Denne kan klargjerast for drikkevassforsyning innan 2-3 timar ettersom den må desinfiserast på Voss. I tillegg har kommunen ein 5 $m^3$ tank som kan kjørast ut med drikkevatn.
Det er driftsovervaking på alle dei fire kommunale vassverka.
Dale og Stanghelle: Reservekjelde. Høgdebasseng på 250 $m^3$, 1.000 $m^3$ og 120 $m^3$. Høgdebasseng på Stanghelle: 800 $m^3$. Ved hovudbassenget på Dale er det tilkopling til reserveuttak av vatn frå BKK med reinsing via UV-anlegg. Her vil det vere tilnærma uavgrensa med vatn. Nødstraumanlegg på Dale og tilrettelagt for nødstraum på Stanghelle. Innbrotsalarmanlegg i vassverkbygget. Godkjent av Mattilsynet.
Vaksdal: Ikkje reservekjelde. Høgdebasseng 1.000 $m^3$ og 650 $m^3$. Nødstraumaggregat. Innbrotsalarmanlegg i vassverkbygget. Godkjent av Mattilsynet.
Stamnes: Reservekjelde på Ottestadneset (ikkje hygienisk tilfredsstillande), men ikkje på Stamnes. Høgdebasseng 200 $m^3$ og 50 $m^3$. Nødstraumaggregat. Ikkje innbrotsalarm-anlegg i vassverkbygget. Godkjent av Mattilsynet.
Eidslandet: Ikkje reservekjelde. Ikkje høgdebasseng. Ikkje nødstraumaggregat. Ikkje innbrotsalarmanlegg i vassverkbygget. Ikkje godkjent av Mattilsynet.
To av vassbehandlingsanlegga har brannalarmanlegg (Dale og Stanghelle og Vaksdal).

# 41. Ekstrem tørke

| | |
|---|---|
| **Hendingar** | Denne hendinga gjeld at det kjem for lite regn ein lang periode |
| **Konsekvensar** | Ekstrem tørke kan føre til:<br>• Rasjonering i straumforsyninga<br>• Vassmangel<br>• Auka sannsyn for stor skogbrann<br>• Avlingssvikt i jordbruket<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til dødsfall<br>Hendinga vil truleg ikkje føre til personskadar eller sjukdomstilfelle<br>Hendinga vil ikkje føre til manglar ved dekning av grunnleggjande trong<br>Hendinga kan føre til forstyrring i dagleglivet i meir enn sju døgn for inntil 1.000 personar<br>Hendinga kan føre til langtidsskadar på naturmiljø, 3 – 10 år, 3 – 30 $km^2$<br>Hendinga vil ikkje føre til skade på kulturverdiar<br>Hendinga kan føre til økonomiske skadar og tap på inntil 10 mill.kr.<br>Hendinga kan føre til mindre omdømmesvekking for kommunen. |
| **Tiltak** | Kjøre vatn til dei som manglar vatn |
| **Evakuering** | Nei |
| **Befolknings-varsling** | Ja dersom ein innfører restriksjonar på vassforbruk |
| **Krisekommu-nikasjon** | Naudsynt |
| **Merknader:**<br>Dale og Stanghelle vassverk har reservekjelde med særs god kapasitet. Vaksdal vassverk har god kapasitet.<br>Vaksdal brannvesen har tankvogn. Kommunen har fleire 1.000 l tankar som kan nyttast til å kjøre ut vatn. | |

# 4. Samband

## 4.1 Generelt

I ein krisesituasjon er det avgjerande for ei rask og riktig handtering av krisa at sambandet mellom aktørane fungerer godt.

Kommunen sitt daglege kommunikasjonsverktøy er i hovudsak mobiltelefonar og nokre berbare radioar. Dette utstyret må vere operativt under ei krise.

## 4.2 Sambandsansvarlig

Sambandsansvarlig skal

- sørgje for at alle nødvendige samband er operative under ein krisesituasjon
- rekvirere ekstern hjelp til samband i nødvendig grad
- opne og sikre reservesamband etter oppsett plan
- halde kriseleiinga orientert om registrerte sambandsproblem
- utarbeide sambandsoversikt
    - som viser kva for sambandsmidlar kommunen har til rådvelde
    - som viser korleis sambandsdekninga er (geografisk)
    - utarbeide sambandsplan for ein nødsituasjon
    - sørgje for muligheit for samordning av samband mellom etatane / einingane
    - muligheit for rekvirering av berbar sendar frå Heimevernet / Sivilforsvaret

Einingsleiar samfunnsutvikling tar i vare sambandsansvaret under kriser.

## 4.3 Sambandsoversikt

- Fasttelefonar og mobiltelefonar.
- 2 satellitt-telefonar
  Sjå varslingsliste for nøkkelpersonar, **Vedlegg 1 til 3.**
- Brannvesenet sine radioar.
  17 radioar tilknytta nødnett for mannskapa ved Dale brannstasjon og 14 radioar ved Trollkjelen brannstasjon. Fastmonterte radioar og nokre mobile radioar i brannbilane. åtte UHF radioar
- Brannvesenet har også muligheit for radiosamband med legevakt og ambulanse.
- Legane har to radioar som man kan kommunisere med brannvesenet og HRS med
- Jaktradioar. Dale jeger og fiskerforening har to jaktradioar og i tillegg har ein del privatpersonar slike radioar. Kontaktperson: Sigbjørn Dale, 906 84 628
- Heimevernet. Kontakt politiet
- Sivilforsvaret, 55 10 93 00
- Vaksdal Røde Kors Hjelpekorps har ti radioar, ein satellitt-telefon, ein stasjonær repeter på Buhelleren og ein på korpshytta

- Dale Røde Kors Hjelpekorps har 12 radioar og fire radioar og ein stasjonær stasjon tilknytta nødnettet, ein berbar relestasjon og ein stasjonær relestasjon på Dustingen (felles med Vaksdal Røde Kors Hjelpekorps)
- Norsk Radio Relæ Liga, Bergen, kontaktperson Tor Olav Kristensen 924 05 205 og Finn Fossmark, Stanghelle, 488 92 330

# 5. Etterarbeid

Etterarbeidet startar allereie i varslingsfasen, ved at Krisemeldingsskjema vert fylt ut, sjå **vedlegg 15**. Logg skal også førast frå første stund, sjå **vedlegg 16**.

Det er viktig at det vert ført nøyaktige loggar i kriseleiinga hile tida.

Seinast ein månad etter at krisa eller den uønskte hendinga er over gjennomfører ein ei **evaluering** av krisa / handteringa der nøkkelpersonar er til stedes. Sjå **Vedlegg 20.** Hensikta med evalueringa er å trekke lærdom av det som har skjedd både for kommunen sin eigen del, og for at andre kan lære av det som har vortet gjort eller ikkje gjort.

Etter at krisa er over, sørgjer kommunedirektøren for at det vert utarbeida ein eigen rapport som omtalar krisa og dei tiltak som er gjennomført av kommunen, samt kva for erfaringar ein har gjort under arbeidet med å avverje / redusere krisa. Rapporten skal også innehalde ein oversikt over dei økonomiske utgiftene som kommunen har hatt i samband med handteringa av krisa.

Dersom innsatsmannskaper har vore utsette for store psykiske påkjenningar, bør det gjennomførast ei debriefing.

# 6. Fagplanar

## *6.1 Kommunale fagplanar for beredskap*

I dei ulike fagplanar i kommunen sine einingar finn ein ”utøvande” beredskapsplanar. Alle fagplanar skal mellom anna innehalde oversikt over alle ressursar (i og utanfor kommunen), som kan kome til nytte i ei krise.

- **Plan for helsemessig og sosial beredskap** (retningslinjer for psykososialt kriseteam)
  *Ansvarlig for plan: Kommuneoverlegen*
- **Smittevernplan / pandemiplan**
  *Ansvarlig for plan: Kommuneoverlegen*
- **Brannordning for Vaksdal kommune (Dokumentasjon av brannvesenet)**
  Dokumentet omhandlar brann- og redningsvesenet si organisering, bemanning og utstyrssituasjon.
  *Ansvarlig for brannordninga: Brannsjefen.*
- **Beredskapsplan for Dale skule**
  *Ansvarlig: Rektor*
- **Beredskapsplan for Vaksdal skule**
  *Ansvarlig: Rektor*
- **Beredskapsplan for Stamnes oppveksttun**
  *Ansvarlig: Rektor*
- **Beredskapsplan for Stanghelle skule**
  *Ansvarlig: Rektor*
- **Beredskapsplan for Eksingedalen oppveksttun**
  *Ansvarlig: Rektor*
- **Beredskapsplan for Dale barnehage**
  *Ansvarlig: styrar*
- **Beredskapsplan for Stanghelle barnehage**
  *Ansvarlig: styrar*
- **Beredskapsplan for Stamnes oppveksttun**
  *Ansvarlig: styrar*
- **Beredskapsplan for Vaksdal barnehage**
  *Ansvarlig: styrar*
- **HMS-plan for skular og barnehagar.**
  *Ansvarlig for plan: Kommunalsjef Oppvekst og kultur*

## 6.2 Andre utarbeida planar

- **Politiet sin redningsplan (lokal redningssentral, LRS)**
  (Politimeisteren i Vest politidistrikt)
- **Beredskap mot akutt forureining.**
  Planen gjelder geografisk for Bergen Region beredskapsområde.
  Planen omhandlar beredskapsorganisasjon for interkommunale utvalg mot akutt forurensning (IUA), aksjonsnivå, vaktordning og mobilisering, aksjons-planlegging og utstyrsoversikt.
  Ansvarlig for plan: Bergen region IUA
  Kontaktperson i Vaksdal kommune: Brannsjefen
- **Beredskapsplan for BKK**
- **Beredskapsplan ved katastrofer og ulykker – Den norske kyrkja**
  (Bjørgvin Bispedømme)
- **Plan for varsler om ekstreme vèrtilhøve**
  (Statsforvaltaren i Vestland, beredskapsavdelinga)
- **Plan for etablering av Statsforvalterens katastrofestab ved større ulykker, katastrofer og liknende i fredstid**
  (Statsforvaltaren i Vestland, beredskapsavdelinga)
- **Statens vegvesen sine ulike beredskapsplanar. M.a. for tunnelar**
- **Beredskapsplan nett (fiber) og tele:**
  - SING-avtale BKK (fellesavtale IKTNH for fibernett)
  - Telefoni TDC (fellesavtale IKTNH for tele)
  - Tenesteleveringsavtale IKTNH

# 7 Øvingar. Opplæring

## 7.1 Forskriftstekst, § 7

*Kommunens beredskapsplan skal øves hvert annet år. Scenarioene for øvelsene bør hentes fra kommunens helhetlige risiko- og sårbarhetsanalyse. Kommunen skal øve sammen med andre kommuner og relevante aktører der valgt scenario og øvingsform gjør dette hensiktsmessig.*

*Kommunen skal ha et system for opplæring som sikrer at alle som er tiltenkt en rolle i kommunens krisehandtering har tilstrekkelige kvalifikasjoner.*

## 7.2 Øvingar

Øvingar er eit viktig virkemiddel for å trene krisehandtering og teste planverket. Øvingar skal gjere aktørane betre rusta til å ta i vare sine oppgåver i handtering av uønskte hendingar eller kriser. Gjennom øvingar får kommunen viktig lærdom om sine beredskapsplanar og organisasjon, og forbetringspunkter vert avdekka. Også dei som er utpekt til å gjer teneste for dei «faste» bør delta på einskilde øvingar.

## 7.3 Opplæring

Dei som er tiltenkt ein rolle i kommunen si krisehandtering, også dei som skal kunne gjere teneste for desse, må ha tilstrekkeleg kunnskapar for å ta i vare rollen og ansvaret på ein god måte. Forskrifta stiller derfor krav om at kommunen har eit system for opplæring av alle som har ein rolle i kommunen si krisehandtering. Det avgjerande er at kommunen har eit system som sikrar at personellet vert tilført tilstrekkeleg kompetanse. Dei som er tiltenkt ein rolle i kommunen si krisehandtering bør først gjennomgå ein type opplæring før dei vert øvde i praksis gjennom øvingar.

Alle som har sentrale rollar i kommunen si krisehandtering skal ha ei opplæring på minst 1 dag kvart fjerde år. Opplæring skal gje kjennskap til kommunen sin overordna beredskapsplan og andre sentrale beredskapsplanar i kommunen, og ha med opplæring i stabsarbeid.

Medlemmane i kommunen si kriseleiing bør delta på kurs i «Kommunal krisehåndtering» ved Nasjonalt utdanningssenter for samfunnssikkerhet og beredskap.

Både øvingar og opplæring inngår som ein del av kommunen sitt heilskaplege arbeid med samfunnssikkerheit og beredskap.

# 8 Evaluering av øvingar og uønskte hendingar

## 8.1 Forskriftstekst, § 8

*Kommunen skal etter øvingar og uønskte hendingar evaluere krisehandteringen. Der evalueringen gir grunnlag for det skal det foretas nødvendige endringer i risiko- og sårbarhetsanalysen og beredskapsplaner.*

## 8.2 Evaluering av øvingar

Evaluering av øvingar bør starte allereie *tidleg i planleggingsfasen* med ei vurdering av kva som skal evaluerast og korleis evalueringa skal gjennomførast. Øvingsmål og delmål må utformast slik at evalueringa gir ei vurdering av måloppnåinga. Med bakgrunn i øvinga sitt formål og øvingsmål må det utarbeidast kriteriar for evaluer-inga. Ved større øvingar er det ein fordel om kommunen peiker ut eigne personar til evalueringsarbeidet, som arbeider saman med dei som planlegg øvinga.

Straks etter at øvinga er det fornuftig å ha ein gjennomgang av *førsteinntrykket* med dei som har deltatt i øvinga. Hensikta er å få den enkelte deltakar si umiddelbare oppleving av øvinga. Erfaringane som kjem fram her er nyttige bidrag til arbeidet med evalueringsrapporten etter øvinga.

## 8.3 Evaluering etter uønskte hendingar

Også etter uønskte hendingar skal kommunen evaluere krisehandteringa. Denne prosessen vil vere ulik evalueringa av øvingar fordi arbeidet med evalueringa først kan starte etter at hendinga har skjedd. I denne samanheng vil loggføringane gje nyttig informasjon.

Også etter uønskte hendingar bør evalueringsrapporten ha fokus på forbetrings-punkt og kven som har ansvaret for å følgje desse opp. Også her har kommunen eit *pådrivaransvar* overfor andre aktørar i høve til deira oppfølging av forbetringspunkta.

Dersom øvingar eller uønskte hendingar avdekker svakheiter i kriseplanen skal denne endrast. Kommunen bør foreta endringar / justeringar så snart konklusjonane i evalueringa er klare og uavhengig av når beredskapsplanen sist vart oppdatert.

Sjå **Vedlegg 20.**